

2022

# Sveio kommune



Budsjett 2022

Økonomiplan 2022-2025

*Rådmannens framlegg*

# Innhald

|  |           |
|--|-----------|
| <b>RÅDMANNENS FØREORD .....</b>                                      | <b>3</b>  |
| DRIFTSBUDSJETTET .....   | 3         |
| INVESTERINGAR.....   | 7         |
| <b>ORGANISASJONSKART .....</b>                                       | <b>10</b> |
| <b>STRATEGISKE PRIORITERINGAR 2020-2023.....</b>                     | <b>11</b> |
| GOD HELSE, EIGEN MEISTRING OG TRIVSEL.....                           | 11        |
| GODE OPPVEKSTVILKÅR .....  | 11        |
| AKTIVITET OG ATTRAKTIVITET GJENNOM LOKALE TILTAK.....                | 12        |
| BEFOLKNINGSUTVIKLING OG NÆRINGSAKTIVITET .....                       | 12        |
| AKTIVITET I EIT ATTRAKTIVT KOMMUNESENTER .....                       | 14        |
| TRYGG TRAFIKK, GODE KOMMUNIKASJONAR OG KOMMUNALE ANLEGG .....        | 15        |
| BRUK OG VERN AV STRANDSONA .....                                     | 15        |
| <b>KLIMABUDSJETT 2022.....</b>                                       | <b>16</b> |
| KLIMAMÅL FOR SVEIO KOMMUNE.....                                      | 16        |
| KLIMAGASSUTSLEPP I SVEIO KOMMUNE .....                               | 17        |
| GJENNOMFØRTE KLIMATILTAK.....  | 20        |
| TILTAK MED KVANTIFISERT UTSLEPPSREDUKSJON 2022-2025.....             | 21        |
| TILTAK MED IKKJE - KVANTIFISERT UTSLEPPSREDUKSJON 2022-2025 .....    | 22        |
| <b>KOMMENTARAR FRÅ ORGANISASJONEN .....</b>                          | <b>23</b> |
| RAMMEOMRÅDE BARNEHAGE .....  | 23        |
| RAMMEOMRÅDE SKULE .....  | 26        |
| RAMMEOMRÅDE PLEIE OG OMSORG.....                                     | 31        |
| BARNEVERN .....  | 34        |
| HABILITERING .....   | 36        |
| NAV MED FLYKTNINGAVDELING .....                                      | 38        |
| KULTUR.....  | 40        |
| TEKNISK/NÆRING .....   | 43        |
| VATN, AVLAUP OG RENOVASJON (VAR).....                                | 45        |
| POLITISK.....  | 46        |
| SENTRALADMINISTRASJON.....   | 47        |
| SVEIO KYRKJELEG FELLESRÅD.....                                       | 49        |
| <b>FORDELING MELLOM RAMMEOMRÅDA .....</b>                            | <b>51</b> |
| DEI EINSKILDE RAMMEOMRÅDA.....                                       | 51        |
| <b>FINANS .....</b>  | <b>64</b> |
| NETTO DRIFTSRESULTAT .....   | 64        |
| NETTO DRIFTSRESULTAT I PROSENT AV BRUTTO DRIFTSINNTEKTER.....        | 64        |
| NETTO LÅNEGJELD .....  | 65        |
| NETTO LÅNEGJELD I PROSENT AV BRUTTO DRIFTSINNTEKTER .....            | 65        |
| RENTEEKSPONERT GJELD .....   | 65        |
| NETTO RENTEEKSPONERT GJELD I PROSENT AV BRUTTO DRIFTSINNTEKTER ..... | 65        |
| DISPOSISJONSFOND .....   | 66        |
| DISPOSISJONSFOND I PROSENT AV DRIFTSINNTEKTER.....                   | 67        |

|  |           |
|--|-----------|
| <b>ØKONOMIPLAN 2022-2025 – DRIFT .....</b>       | <b>68</b> |
| BUDSJETTSKJEMA DRIFT .....                       | 68        |
| INNTEKTER .....                                  | 70        |
| UTGIFTER.....                                    | 70        |
| VURDERING.....                                   | 71        |
| <b>ØKONOMIPLAN 2022-2025 – INVESTERING .....</b> | <b>71</b> |
| BUDSJETTSKJEMA INVESTERING .....                 | 71        |
| <b>VEDLEGG .....</b>                             | <b>74</b> |

## Rådmannens føreord

Rådmannen legg med dette fram sitt framlegg til årsbudsjett for 2022 og økonomiplan for perioden 2022-2025. Budsjettframlegget byggjer på opphavelig budsjett for 2021, plan for å auke det økonomiske handlingsrommet og rammesak for budsjett og økonomiplan 2022-2025.

Budsjettdokumentet har i år fått ny struktur for i større grad å spegla kommunens samfunnsplan som kommunens overordna styringsdokument. Arbeidet med å få budsjettet til på ein god måte å spegla samfunnsplanen, og på den måten levendegjere dei strategiar og mål som er vist der, er ikkje ferdige med dette dokumentet. Det vil vera ein prosess med ytterligare endringar og justeringar i budsjett- og økonomiplanen i åra som kjem, før desse styringsdokumenta «snakkar» godt saman.

Arbeidet med å skape eit større økonomisk handlingsrom er i gang. Budsjettet for 2022 og dei avklaringar som blir gjort der er viktige for å kunne oppnå ei samla innsparing på 12 millionar i forhold til budsjett 2021. I 2021 er tenesteomfang innafor sentraladministrasjonen redusert med 1,5 millionar kroner. Neste år er det lagt opp til ytterlegare innsparingar på 3,4 millionar kroner for driftseiningane i kommunen. Dei to påfølgande år er det lagt til grunn innsparingar i drift på 4,3 millionar kroner per år.

Covid-19 pandemien har kravd mykje ressursar frå ulike tenester i kommunen. Den har medført at mange oppgåver har vore haldne på vent ein periode. Det er eit håp at pandemien no er i ein rolegare fase i forhold til tenestene i kommunen, slik at ein igjen kan auke fokuset på leveranse og utvikling av det ordinære tenestetilbodet. Vaksinerings vil fortsette ut over våren, men i skrivande stund er det lagt opp til at dette berre skal skje kvar 3 veke. Andre tilbod som f.eks. testsenter held ein og ope vidare.

Sveio kommune opplev for augeblikket ein nedgang i folketalet. Det er utfordrande og gir negative impulsar til budsjett- og planarbeidet. Når det er sagt opplev kommunen interesse for og sal av tomter i nokre av dei kommunale felta i kommunen. Ein har difor tru på at folketalet vil fortsette å vekse på lengre sikt, i tråd med tidligare prognosar.

**«Om du har eit eple og eg har eit eple og vi byter, har vi baa framleis eitt eple. Men om du har ein idé og eg har ein idé og vi byter, vil vi baa ha to idear». (George Bernard Shaw)»**

### Driftsbudsjettet

Rammene til einingane i Sveio kommune som vart vedtekne av kommunestyret i juni inneber ein generell auke til alle rammeområda med 2,7 % for løns- og prisvekst (deflator). Den kommunale deflatoren frå 2021 til 2022 blir i følgje statsbudsjettet på 2,5 %. I budsjett 2021 blei det lagt til grunn ein deflator på 2,7 %. I følgje statsbudsjettet vil den venteleg enda på 3,5 %. Sett over to år vil driftseiningane i Sveio kommune generelt sett vera underkompensert i forhold til deflator. Den høge deflatoren frå 2020 til 2021 skyldast i stor grad energiprisar (straum) og byggekostnadsindeksen. Sveio kommune har fast pris på 50 % av straumen i 2021 og vil såleis ikkje bli like hardt råka av høg straumpris som andre. Auke i kostnadane med å bygga vil i liten grad påverke driftseiningane i Sveio. Samla sett vurderer rådmannen at ein ikkje treng å kompensera einingane generelt for høgare deflator enn venta dei to siste åra.

I rammesaka blei det med bakgrunn i sak om Økonomisk handlingsrom i Sveio kommune lagt inn innsparingar på driftseiningane på 3,4 millionar kroner. For å klara målet i saka om ein samla reduksjon over 3 år på 12,0 millionar kroner, må driftseiningane spara ytterlegare om lag 4,3 millionar kroner i 2023 og 2024. Det er venta at store delar av innsparinga må kome frå redusert tenestenivå til ibuarane i Sveio kommune. Denne innsparinga er lagt inn i rådmannens forslag til økonomiplan 2022-2025.

Driftsbudsjettet til dei ulike einingane i kommunen opplevast generelt sett som låge. På ein del områder er det kome signaler om at budsjettet for 2022 kan vera svært krevjande å halde. Det er ikkje tatt omsyn til eventuell ekstraavgifter i samband med den korona-pandemien i budsjettet for 2022. Signala frå regjeringa er at eventuelle meiravgifter vil bli dekkja utanfor inntektssystemet. Eventuelle meiravgifter for Sveio kommune vil då vera å rekna som forskotering og ikkje kommunale kostnader. Driftskostnader til eit komande badeanlegg i kommunen er lagt inn i ramma til kultur med 2,0 millionar kroner frå 2025 i økonomiplanen. Eventuelle finansieringskostnader utover løyvd investeringsramme er ikkje lagt inn i økonomiplanen, dette må eventuelt justerast når ein har endelege tal.

Ved handsaming av budsjettet for 2021 vedtok kommunestyret å avvikle eigedomsskatten til budsjettåret 2023. Rådmannen vil nytta 2022 til å ta ned avgifter i samband med eigedomsskatt. Dette inneber å slutte å vedlikehalde eigedomsregisteret når eigedomsskatten for 2022 er skriven ut, og deretter sei opp programvare som nyttast til eigedomsskatt så snart som mogleg. Personalressursar vil omdisponerast til andre oppgåver i kommunen. Ved ein eventuell seinare utskrivning av eigedomsskatt i kommunen må ein starte arbeidet frå grunnen av. Dette kan uansett vera naturleg då dei fleste kommunar no nyttar skatteetatens formuesgrunnlag for taksering av bustader, og ikkje eigen taksering som Sveio gjer i dag.

Frilager (Haugesund Turistforening, Haugesund Røde Kors og Friluftsrådet Vest) har søkt om kr 50 000,- i driftsstønning, for at kommunens eininga skal kunne låne diverse utstyr gratis. Dette er ikkje prioritert i rådmannens budsjett.

Nedanfor kommenterast dei vesentlegaste rammeendringane frå vedtaket i juni, samt andre forhold ved dei einskilde rammeområda.

### **Finans**

Ramma til rammeområde finans er redusert med om lag kr 9 000 000,-. I forhold til rammesaka i juni. Reduksjonen skyldast i hovudsak reduserte avgifter til pensjon og redusert anslag for betaling av tilskot til private barnehagar. Reduserte avgifter til pensjon skylast nye berekningar og bruk av kr 5 500 000,- av kommunens premiefond hos KLP i 2021. Kr 3 500 000,- er nytta som ein del av planen for å betra kommunens handlingsrom, og kr 2 000 000,- er nytta for jamne utgiftene til pensjon i forhold til 2021 og åra etter 2022.

### **Helseavdeling med fellestenester**

Rammeområdet blei redusert med 330 000,- i rammesaka i juni. Området er redusert med ytterlegare kr 40 000,- i rådmannens forslag til budsjett, for å bidra til å auke kommunens økonomiske handlingsrom. For å greie reduserte rammer er det lagt til grunn reduksjon av eit tilskot (67 %) til fysioterapi. I tillegg er det rekna med å spare kr 95 000,- ved å ta bort det kommunale tilbodet om varmtvatn-basseng hjå Revmatismesjukehuset i Haugesund, eller vurdere eigenbetaling for tenesta.

I samband med overføring av stilling og ansvar innafor velferdsteknologi er området auka med kr 900 000,-, som finansierast med tilsvarande reduksjon for heimetenesta (pleie og omsorg).

### **Pleie og omsorg**

Rammeområdet blei redusert med kr 200 000,- i rammesaka i juni. Etter rådmannens vurdering har området dei seinare åra hatt økonomiske rammer på eit lågt nivå i forhold til utgiftsbehovet. Dette underbyggast med tal frå analyseverktøyet Framsikt og den registrerte utviklinga i andre kommunar. Budsjettprosessen sidan rammesaka i juni indikera at området treng ei styrking på om lag kr 3 000 000,- for å kunne oppretthalde dagens drift. Dette kjem i tillegg til forventta sparte avgifter på om lag kr 700 000,- etter overgang frå leasing av fossilbilar til kjøp av Elbilar. I rådmannens forslag er ramma auka med kr 2 500 000,-, etter korreksjon for overføring av kr 900 000,- (velferdsteknologi) til rammeområde Helseavdeling med fellestenester, noko som framleis gjer området nøkterne

økonomiske rammer. Egne bustader i nærleiken av omsorgssenteret kan vera eit bidrag til at personar med behov for tenester kan bu i eigen heim lengre, noko som kan redusera veksten i utgiftene til området.

### **NAV med flyktningsarbeid**

Rammeområdet blei redusert med kr 140 000,- i rammesaka i juni for å bidra til auka økonomisk handlingsrom i kommunen. I tillegg blei området redusert med kr 2 000 000,- med bakgrunn i nedtrapping av arbeid med flyktingar i kommunen. Budsjettarbeidet i haust visar at NAV truleg ikkje kan greie den økonomiske ramma frå juni utan tiltak. Det er lagt til grunn i rådmannens budsjett at ein redusera med ein stillinga innafor arbeid med flyktingar i 2022, i staden for i 2023 som ein tidlegare har planlagd.

### **Barnevern**

Rammeområdet blei redusert med kr 150 000,- i rammesaka i juni. Som ein følgje av barnevernsreforma får kommunane frå 2022 auka fagleg og økonomiske ansvar for barnevernet. Venta direkte meirutgifter for barnevernet i Sveio kommune er om lag kr 1 150 000,-. Som ein følgje av dette aukast ramma til barnevern med kr 1 000 000,- i rådmannens forslag til budsjett i forhold til saka i juni. Sveio kommune får auka rammetilskot som ein følgje av reforma. For å dekkja resten av meirutgiftene med reforma er det lagt til grunn reduserte utgifter til frikjøp i samband med fosterheimplasseringar, og endra praksis på dette i åra som kjem.

### **Habilitering**

For å bidra til auka økonomisk handlingsrom blei rammeområdet redusert med kr 200 000,- i rammesaka i juni. Det har vore ei sterk auke i behovet for innsats innafor området, noko som også førar til sterk auke i utgifter. Det er berekna at området treng kr 5 500 000,- i auka ramme i 2022 for å kunne levera tilfredsstillande tenester til brukarane. På denne bakgrunn er rammene auka med kr 5 000 000,- i rådmannens forslag til budsjett 2022.

### **Politisk**

Ramma blei redusert med kr 340 000,- i rammesaka, kr 280 000,- sidan det ikkje er val i 2022, og kr 60 000,- for å bidra til å auke det økonomiske handlingsrommet til kommunen. I rådmannens forslag til budsjett er området auke med kr 470 000,- i tråd med kontrollutvalets forslag til budsjett på kontrollområdet. Dette skyldast i all hovudsak signal frå kommunens nye revisor, Rogaland Revisjon, om venta kostnader til revisjon i 2022.

### **Sentraladministrasjon**

Ramma til området blei auka med kr 1 000 000 i rammesaka i juni. Dette for å kunne oppretthalde forsvarlege IKT-tenester i kommunen, anten aleine eller i eit samarbeid med andre kommunar. For 2022 er ramma redusert med 0,5 millionar kroner igjen, då ein ikkje reknar med å få på plass den nødvendig auken innafor IKT før i andre halvår. Budsjettet til området blei tatt ned med kr 1 500 000,- til budsjett 2021. Det er ikkje lagt opp til ytterlegare endringar i budsjettet i rådmannens forslag.

I løpet av året vil det bli vurdert å bli med i Digi Vestland(eller Digi Rogaland), som arbeidar med digitale løysingar for kommunesektoren. Slik deltaking vil truleg føra til om lag kr 200 000,- i auka kostnader.

### **Oppvekst skule**

For å auke det økonomiske handlingsrommet til kommunen blei ramma i juni redusert med kr 1 000 000,-. For å greie reduksjon er det naudsynt med tiltak i 2022. Planlagd kjøp av IKT-utstyr til elevar er redusert med om lag kr 350 000,-. Dette kan innebere redusert satsing på IKT i grunnskulen. Ein vurderer å gå bort frå ein Chrombook per elev på 1. til 3. trinn, og heller nytta klassesett. Eigeninnsatsen på kr 150 000,- per år til prosjektet for betre overgang frå barnehage til skule (Hallo Adjø) finansierast innafor ramma.

Alle skulane i Sveio oppfyllar lærarnorma. Valestrand skule og Auklandshamn skule har fleire lærarar per elev enn norma tilseier. Det er ikkje vurdert som tilfredsstillande å redusera bemanninga tilsvarande norma for desse skulane. Ein fortsett satsinga med 2-lærarsystem for å gi eit godt tilbod og redusere behovet for spesialundervisning på sikt.

### **Oppvekst barnehage**

I rammesaka blei den økonomiske ramma redusert med kr 500 000,- for å bidra til å auka kommunens økonomiske handlingsrom. For å greie kuttet er det lagt opp til å redusera stillingsressurs ved Valestrand oppvekstsenter avdeling barnehage med 30 %. Dette vil gjera det meir krevjande å driva barnehagen, særskild i starten og slutten av barnehagedagen.

### **VAR – Vatn, avløp og renovasjon**

Rammeområdet er auka med kr 830 000,- grunna oppdaterte berekningar.

### **Ryvarden**

I rammesaka i juni blei overføringa til Ryvarden kulturfyrfy KF redusert med kr 10 000,- for å bidra til å betre kommunens økonomi. I rådmannens forslag er overføringa redusert med ytterlegare kr 40 000,- for over tid å bli økonomisk sjølvstendig.

### **Tekniske tenester**

Rammeområdet blei redusert med kr 200 000,- for å auka kommunens handlingsrom i rammesaka i juni. Rammeområde ventar eit meirforbruk i 2021 på om lag kr 2 000 000,-, dette må også handterast i budsjett 2022. For å halde den økonomiske ramma i 2022 planlegg området mellom anna reduksjon i vedlikehald av veg med om lag kr 100 000,-. Dette føresett investering i ny bil med moglegheit for brøyteskjær som erstatning for gamal bil med lasteplan. Kommunen vil då kunne brøyte fleire vegar sjølv i staden for å leiga andre til brøyting. Det er lagt til grunn investering i varmpumpe på kommunehuset, som vil kunne spare utgifter til straum med om lag kr 50 000,- per år. Ein planlegg å ta bort budsjettposten for dekorasjon av uterom (blomstertårn). Utgift til samarbeid om vassområde om lag kr 40 000,- takast innafor ramma. Det leggst også opp til innføring av arealplanar på nett (arealplanar.no), for å gje betre tenester til brukarar innafor området.

Frå 2023 skal HBR endra finansieringsmodell frå «harmoniseringsmodellen» til «innbyggjarmodellen». Dette vil venteleg føra til om lag kr 500 000,- i høgare utgifter for Sveio kommune.

Sveio kommune må snarast utarbeide ein overordna ROS-analyse. Ramma til teknisk er auka med kr 500 000,- for å få i gang arbeidet ved hjelp av eksterne ressursar. Det er venta at ein treng tilsvarande beløp i 2023 for å få ferdig analysen, dette er lagt inn i økonomiplanen.

### **Kultur**

Den økonomiske ramme til området blei redusert med kr 150 000,- i rammesaka i juni, det er ikkje foreslått endring utover dette i rådmannens forslag til budsjett 2022.

### **Kyrkja**

Tilskotet til kyrkja blei redusert med kr 50 000,- i rammesaka i juni, for å vera med å betra kommunens økonomi. Dette kuttet er vidareført i rådmannens forslag til budsjett 2022. Det er kome innspel frå Fellesrådet på trong for høgare tilskot til kyrkja. Fellesrådet ser trong for auke med kr 40 000,- per år for å ha tilfredsstillande vedlikehald av gravplassane i kommunen. Vidare ser dei trong for å ha kyrkjeverje i 100 % stilling, noko som vil gje ein auka kostnad på kr 180 000,- per år. Vidare er det ønskje om å måla Valestrand kyrkje i 2023, til ein estimert kostnad på kr 400 000,-. Det er gode argument for å auke ressursane, men rådmannen finn ikkje rom for leggja inn auka tilskot i budsjett 2022. Rådmannen vil gå i dialog med kyrkjeverje om måling av kyrkja. I følgje KOSTRA

nyttar Sveio kommune meir til kyrkja per innbyggjar enn gjennomsnittet av andre kommunar i landet.

## Investeringar

Investeringar i anleggsmidlar er i 2022 på 61,2 millionar kroner. Samla investeringar i anleggsmidlar i økonomiplanperioden er på om lag 213,3 millionar kroner, med høgast sum i år 2023 på rundt 116,9 millionar kroner. Dette er eit høgt volum på investeringar for ein kommune på Sveio sin størrelse. Det er framleis mange tidlegare vedteke prosjekt som er under arbeid og vil måtte gå parallelt med nye prosjekt. Såleis vil det være viktig med fokus på framdrift og prioritering også framover. Det leggest opp til å knyte til seg prosjektkapasitet for å sikre framdrift på prosjekta Ny Sveio barnehage, Bustader Habilitering og prosjekt for bustader til eldre. Dette er prosjekt som er økonomisk fordelaktige for kommunen.

Som ein del av prosjektet næringsutvikling og bulyst blei det gjennomført møter i dei ulike bygdene i Sveio hausten 2021. Her kom det fram fleire innspel på møta til tiltak :

- Gang og sykkelsti
- Trafikksikring
- Gatelys
- Frisbeegolfbane
- Klatrepark
- Leik- uteområde og næranlegg
- Samlingspunkt med wifi, lading og benker
- Betre kollektivtilbod
- Bustadtomter for eldre og unge

Nokre av desse tiltaka arbeidast det med, andre må det arbeidast opp mot andre mynde og nokre av tiltaka treng eventuelt planleggjast nærare og finansierast om dei er aktuelle å arbeide vidare med.

## Badeanlegg, grunnarbeid idrettshall og trafikksikring Sveio skule

Reguleringsplan for området blei vedteke juni 2021. I same møte handsama kommunestyre sak om badeanlegg kor det mellom anna blei vedtatt:

*«Kostnadar med prosjekt «trafikksikring Sveio skule», «badeanlegg i Sveio» og «grunnarbeid idrettshall» blir å innarbeida i økonomiplanen 2022–2025»*

Med bakgrunn i sak er det innarbeida ei ytterlegare løyving til badeanlegg på 52,3 millionar kroner i 2023. Spelemidlar på 22 millionar og meirverdiavgift vil være del av finansiering. Dette kjem i tillegg til restmidlar på 37,5 millionar kroner frå tidlegare år. Samla vil det då være sett av 89,8 millionar kroner til anlegget. For å betre kunne skilje ny utgifter frå tidlegare utgifter i saka, er det oppretta eit nytt prosjektnummer.

For idrettshall er det sett av 22 millionar kroner til grunnarbeid og trafo då dette må gjennomførast samstundes med arbeid med badeanlegg. Dette finansierast ved overføring av 17,6 millionar kroner frå disposisjonsfondet, og må sjåast opp mot 28,9 millionar kroner som kommunen per 2021 har fått utbetalt frå Havbruksfondet.

For prosjekt trafikksikring Sveio skule er det lagt inn 4,65 millionar kroner som går til tilkomstveg inn i området.

## Digitalisering

Jamfør forslag til ny kommuneplan, som har akseptvedtak i kommunestyret, og den generelle utviklinga i samfunnet er det viktig at Sveio kommune fortsett satsar på digitalisering. Dette gjeld



både digitalisering av tenester og bruk av effektive IKT-verktøy i arbeidet som gjerast i kommunen. Digitalisering vil gje betre tenester til brukarar og innbyggjarar i kommunen, og legge til rette for meir effektivitet i tenesteproduksjonen. For å kunne ta i bruk ulike digitale løysingar er det viktig at den digitale infrastrukturen i kommunen er dimensjonert for dette. På denne bakgrunn er det lagt opp til eit eige digitaliseringsprosjekt med ei ramme på 0,8 millionar kroner i 2022 og 0,5 millionar kroner kvart år i resten av økonomiplanperioden. Vidare er det lagt opp til å nytta 2 millionar til investeringar i digital infrastruktur i 2022, 1,3 millionar kroner i 2023, 1,6 millionar i 2023 og 1,5 millionar i 2024.

Digitalisering gjer moglegheit for effektiv og moderne drift, men førar også med seg nokre utfordringar. Digitalisering kan mellom anna føra til auka risiko for at personopplysningar kjem på avvege. Ein må gjere så godt ein kan for å redusera denne risikoen, men ein kan nok ikkje bli kvitt den heilt.

### **Kyrkjelege føremål**

I rådmannens forslag er det lag inn ei utvida ramme til utviding av Eikeland kyrkjegard med kr 3,7 millionar kroner i 2022 jamfør kommunestyresak 40/21. Det ligg også inne 0,6 millionar kroner til rehabilitering av kyrkjebygg i år 2022 og 0,3 millionar i 2024 og 2025. For 2022 er planen å montere varmpumpe som eit energi/klimatiltak på Sveio kyrkje og Valestrand kyrkje. Dette vil gi reduserte straumutgifter.

### **VAR-investeringar**

Det er sett av 10 millionar kroner i 2022 til VAR-investeringar. Her er det planlagt ei større investering i eit vassbehandlingsanlegg i Furuvatnet i 2022 og 2023. Det er lagt inn 7 millionar kroner i 2022 og 9 millionar kroner i 2023. Dette kjem i tillegg til restbeløp på 7,3 millionar kroner som er løyvd tidlegare. Vi gjer merksam på at det knyter seg stor usikkerheit til totalsum på det noverande tidspunkt. Ei eiga sak vil bli fremja som gjer nærare greie for prosjektet og kostnader. Det utgreiast i tillegg til produksjonsanlegg, om det er naudsynt å leggje nye vassleidning mellom produksjonsanlegg og høgdebasseng. Ny vassleidning vil krevje ei større investering. Prosjektet skal tryggja vassforsyninga i Sveio og vil samstundes kunne vera ei rimelegare løysing enn å kjøpa vatn frå Haugesund som i dag.

I hovudplanen er det vist til behov for utbetring av røyrnett i åra framover. Det er sett av 2 millionar kroner til dette i 2022 og for kvart av dei resterande åra i økonomiplanperioden. Ein må vere medveten om at dette årlege behovet nok vil ligge der også i åra etter økonomiplanperioden.

I tillegg kjem naudsynte investeringar som framkjem i samleoversikt. Investeringar på VAR-området dekkast av brukarbetaling frå abonnentar.

### **Veg**

2,5 millionar kroner er sett av til asfaltering av kommunale vegar i 2022 og kvart av dei komande åra i økonomiplanperioden utanom år 2025. For år 2025 er det planlagt bytte av traktor nytta til vegarbeid og midlar til asfaltering er redusert tilsvarande investeringa her.

### **Ny Sveio barnehage**

Den nye barnehagen i Sveio sentrum er under planlegging. Rådmannen har lagt inn ei ramme på 49,6 millionar kroner til prosjektet. Dette baserer seg på 4 avdelingar pluss ein forsterka avdeling for born med særskilte behov. Kostnadar til regulering og erverv av tomt er ikkje tatt med her. Investeringa er fordelt med restmidlar 1,1 millionar, 5 millionar kroner i 2022, 43,5 millionar kroner i 2023.

### **Førde barnehage**

Rådmannen foreslår avsett ein sum til eit forprosjekt for å vurdere nærare behov for utviding og rehabilitering av Førde barnehage.

### **Gamal del av kommunehuset**

Undersøkingar visar at den eldste delen av kommunehuset ikkje er egna som arbeidslokale for tilsette i kommunen. Rådmannen må komme tilbake med ei ny sak her. Det er lagt inn 1,5 millionar for å kunne planlegge prosjektet vidare. I år 2024 er det lagt inn 10 millionar for å synleggjere ei utgift, men denne summen er truleg for låg avhengig av kva løysningsval som blir gjort.

### **Rehabilitering skulebygg**

Fleire av skulebygga treng ei rehabilitering. Dette er synleggjort i planperioden for Førde skule, Vikse skule og Valestrand. Omfanget varierer og rådmannen meina det er hensiktsmessig å gjere ei meir samla kartlegging og plan for utbetring før løyving på fleire av byggja.

### **Energi- og klimatiltak**

For kommunehuset er det lagt inn 0,6 millionar kroner til ei luft til veske varmepumpe. For Vigdartun er det også lagt inn ei varmepumpe med 0,8 millionar kroner. Desse vil gje redusert energibruk. Vidare er det lagt inn ei naudsynt ekstraløyving til prosjekt ventilasjonsanlegg på Vikse skule og midlar til utbetring og isolering av tak som er venta å gje redusert energiforbruk.

### **Kommunale veglys og trafikksikring**

Det er lagt inn 0,75 millionar kroner til mindre trafikksikringstiltak i 2022 og i resten av planperioden. Det er eit mål at trafikksikring skal redusere utgiftene til skuleskyss ved å redusere fareklasse på skuleveg. Det planleggast eigen sak på området for å konkretisere vegen framover 1. halvår 2022 .


### **Andre investeringsprosjekt i investeringsbudsjett 2022**

I skjema investeringsoversynet til slutt i dokumentet finn ein oversyn over alle planlagde nye investeringar i 2022.



Foto: Ida Kristin Vollum

# Organisasjonskart



# Strategiske prioriteringar 2020-2023

## God helse, eigen meistring og trivsel

Sveio kommune skal leggja til rette for god helse, eiga meistring og trivsel gjennom heile livet og vera ein kommune som bryr seg.

Innbyggjarane i Sveio blir eldre og ein må rekne med at det blir stadig fleire personar i kommunen med trong for bistand frå kommunen. For å kunne gje nødvendige tenester til ibuarane på ein kostnadseffektiv måte er det ein fordel om tenestemottakarane bur samla.

For å skapa trygge oppvekstmiljø, gode møteplassar, høve til leik og aktivitet må ein planlegga for dette i kommunens planar. Eit godt kulturtilbod skapar auka busetnad og trivsel i kommunen.

Kommunen må syta for at innbyggjarane får naudsynte helse- og omsorgstenester. Dette inneber at kommunen må førebyggja, behandla og leggjar til rette for tilbod til alle brukargrupper.

Omsorgstenestene i kommunen er innretta slik at innbyggjarane kan bu heime så lenge som mogleg. Kvardagsmeistring og god rehabilitering er viktig for å møte den venta auken i eldre personar i kommunen. Velferdsteknologi vil bidra til betre livskvalitet for ulike brukarar og gjere dei i betre i stand til å bu heime.

Reforma «Leve heile livet» skal sikra eldre ein trygg og verdig alderdom. I Sveio skal menneska LEVA HEILE LIVET.

## Gode oppvekstvilkår

Sveio kommune skal bidra til gode oppvekstmiljø og leggja til rette for moglegheita for utvikling og opplæring for alle.

Barnehage og skule er eit av dei første kommunale tenestetilboda eit barn møter. Gode og trygge barnehagar, skular og nærmiljø er viktige verkemiddel for å skape eit godt oppvekstmiljø for barn og unge. Samfunnsoppdraget til barnehagane og skulane er stort. Gjennom lovverket blir barnehagar og skular gitt eit spesielt ansvar for å fremja folkehelsa.

Inkluderande barnehagar og skular med høg kvalitet på læringsarbeidet styrkjer oppvekstvilkåra til barn og unge ved å gi eit godt fundament for seinare utdanning og arbeidsliv. Barnehagane og skulane er og ein arena for førebygging og skal setja i verk tiltak ut frå kvart barn sitt behov, og er altså ei viktig brikke i arbeidet med å gje borna ein god start i livet.

Ein revidert Kvalitetsutviklingsplan barnehage og skule 2021-2024 blei vedteken hausten 2020. Kommunen som skuleeigar skal støtta og rettleia barnehagane og skulane i arbeidet med kompetanseutvikling. Det er såleis viktig at ein finn balansen mellom sentralt fastsette satsingsområde på eit strategisk nivå og lokalt initiert utviklingsarbeid med utgangspunkt i tema som er identifiserte ved den einskilde barnehage og skule, -barnehage/skulebasert kompetanseutvikling. Ein av strategiane i kommuneplanen sin samfunnsdel er ha sams fokus på opplæring i grunnleggande dugleikar gjennom heile skuleløpet frå 1. til 10. klasse.

Prioriterte sams satsingsområder fram til 2024 er:

- A. Språk, lesing og skriving.
- B. Inkluderande barnehage- og skulemiljø.
- C. Overgangen mellom barnehagen og skulen.
- D. Innføring av nytt læreplanverk, fagfornyinga.


## Aktivitet og attraktivitet gjennom lokale tiltak

Sveio kommune skal vidareutvikla dei kulturfyrtårna kommunen allereie har og leggja meir vekt på reiseliv, turisme og oppleving i kommunen. Dei kulturelle fyrtårna Ryvarden, Sveio golfpark og Valenheimen er sentrale i profileringa av kommunen. I tillegg har både Førde, med Rex Garden og Strando, og Valestrand med Einstabøvoll gard, Øklandsheimen og Valevåg Camping kvalitetar som kan vidareutviklast i reiselivsamanheng. Sveio har og eit godt utgangspunkt for naturbaserte aktivitetar både til lands og på vatn og sjø. Kommunen har gode føresetnader for å leggja til rette for eksisterande opplevingar og vidareutvikla desse.

Det er vel 1200 fritidsbustader i Sveio, og kommunen er open for bygging av fleire fritidsbustadområde som kan skape trivnad, aktivitet og arbeidsplassar.

## Befolkningsutvikling og næringsaktivitet

### Befolkningsutvikling




Figur 1: Folketalsutvikling i Sveio kommune 2000 - 2021 (per 1.1). Kjelde: SSB

Samanlikna med våre nabokommunar, har Sveio hatt høgast prosentvise vekst i folketalet i perioden etter 2010. Det skuldast truleg den sentrale plasseringa i ein stor arbeidsmarknad på Haugalandet og Sunnhordlang og nærleiken til regionsentra. Veksten har i all hovudsak skjedd i dei to tettstadane Sveio sentrum og Rophus/Ekrene. Men etter fleire år med god utvikling i folketalet, har veksten flata ut. Folketalet 1.januar 2021 var på 5 798 personar, ei auke på 32 personar i frå året før. Den lilla linja i Figur 1 viser at folketilveksten har gått ned dei siste åra. Det er i all hovudsak lågare nettoinnflytting som er årsaken. Positiv nettoinnflytting er mellom anna påverka av talet på mottak av flyktningar og familiegjenforeining, som framover er venta å vere lågare.

Fødselsoverskotet er meir stabilt, men er og noko lågare enn tidlegare. I løpet av første halvdel av 2021 er nettoinnflyttinga negativ, og folketalet er 5 776 personar ved utgangen av 2. kvartal.

Endring i folketalet har konsekvens på kommuneøkonomien, både på kort og på lang sikt. Folketalsnedgang fører med seg reduksjon i inntektene for kommunen, men også til lågare utgifter på grunn av lågare behov for tenester. Innsparing i tenestene tilsvarar diverre ikkje alltid inntektstapet, noko som er ei utfordring for kommuneøkonomien.



Figur 2: Framskriven folkemengde per aldersgruppe. Kjelde: SSB

Sveio har yngre befolkning enn ein gjennomsnittleg kommune. Det er altså venta av Sveio nyttar relativt meir ressursar på tenester til barn og unge, og relativt mindre på tenester til innbyggjarar over 80 år enn snittet.

I følgje middelalternativet til SSB, er det venta at folketalet i Sveio er på i overkant av 6 100 personar i 2030, ei auke på rundt 6%. Den største auken er spesielt venta i aldersgruppene over 67 år. Det er venta største reduksjon i talet på barn i barnehage- og grunnskulealder. Det er same utvikling på lang sikt, fram mot 2050. Dette gir tydelige signal på at det er trong for å tilpasse dei kommunale tenestene i åra som kjem.

Framskrivingar er alltid usikre. SSB oppdaterer framskrivingane jamleg. Neste framskriving er venta sumaren 2022.

## Næringsaktivitet

Å driva kommunal næringsutvikling handlar om noko så enkelt, og noko så komplisert, som å leggja til rette for framtidig verdiskaping. Det er ikkje kommunen som i utgangspunktet driv næringsverksemd, dette er næringslivet sjølve si oppgåve.

Sveio kommune har det siste året styrka ressursar knytt til næringsutvikling. Det har vore særleg fokus på auka næringsutvikling, bulyst og arbeid med å identifisere midlar som kommunen kan søkje på.

Næringsutvikling skal vera ein prioritet i Sveio kommune. Gjennom arbeidet i den oppretta prosjektstillinga skal ein utvikle og styrkje samarbeid mellom kommunen og offentlege, samt private aktørar i regionen. Ein har eit klårt mål om å leggje til rette for utvikling av nytt næringsliv og vekst hos dei etablerte. Ein vil leggje forholde best mogeleg til rette for næringslivet som heilheit.

Sveio kommune skal vere ein god plass å veksa opp, med mange aktivitetstilbod og trygge omgjevnader for born og unge. Men blant anna full barnehagedekning, gode skular, gode idrettsanlegg og god eldreomsorg bør valet om framtidig bustad vera enkelt. For å få tydeleggjere dette vil ein måtte arbeide med å synleggjer kommunen og byggja merkevara Sveio.

Sveio kommune skal jobbe med å Identifisere relevante midlar hos til dømes Vestland Fylkeskommune, regionale fond, Innovasjon Noreg og Forskingsrådet. Gje rettleiing knytt til søknader inn mot Vestland Fylkeskommune ,regionale fond, Innovasjon Norge og Forskingsrådet

Ny strategisk næringsplan for perioden 2022- 2027 er under utarbeiding. Strategisk næringsplan i Sveio kommune skal utviklast i samhandling mellom næringsliv og kommune, gi retning på ynskja utvikling i framtida, og har som mål å byggja på dei fortrinn som Sveio har. Det er næringslivet som står for sjølve gjennomføringa at strategien i ein næringsplan, medan kommunen sitt handlingsrom ligg i rolla som samfunnsutviklar og tilretteleggjar gjennom offentlege verkemiddel og vegleiing.

Gjennom prosessarbeid har ein arbeida med grunnlaget for kva element ein vil ha med i planen. Dette går på hovudstrategiar, hovudmål, måleindikatorar, suksesskriterier og liknande.

Dei strategiske satsingsområda det vert arbeida med i planen er:

- Landbruk & Havbruk
- Reiseliv & Kultur
- Kommunen som tilretteleggjar; næringsareal, rettleiing, kompetanse, etablering, ungdom
- Bulyst
- Grøn Sveio, ein Berekraftig kommune

Erfaring viser at næringsplanar har ein tendens til å verta «skrivebordskuffmateriale» Me skal ha som mål å skapa ein levande plan med god forankring og eigarskap. Ein plan som er med og styrkar kommunen sin moglegheit til å føra ein strategisk og langsiktig tilrettelegging for næringslivet.

## Aktivitet i eit attraktivt kommunesenter

Sveio sentrum skal styrkje sentrumsutviklinga og senterstrukturen for å sikra god tilgang til handel, tenester og servicefunksjonar for innbyggjarane. Prinsippa om auka fortetting og konsentrasjon mot sentrum i Regional plan for areal og transport på Haugalandet, gjeld og for Sveio. Dei regionale måla for utbygging er å skapa kompakte by- og tettstadssentra. Ei stor utfordring for sentrumsutviklinga er at kommunen har stor handelslekkasje, relativt lite næringsaktivitet og at kommunesenteret ligg midt mellom to sterke regionsentre. Eit sterkt sentrum i vekst, vil ikkje berre vere til fordel for dei som bur i området, men vil komme alle ibuarar, hytteeigarar, næringsliv og besøkjande i kommunen til gode.

## Trygg trafikk, gode kommunikasjonar og kommunale anlegg

Eit hovudmål i akseptert samfunnsdel av kommuneplanen er at «Sveio kommune skal sikra gode og trygge trafikkforhold».

Her må det, i tillegg til å vurdere kommunale vegar og trafikksikringstiltak, arbeidast opp mot Fylkeskommunen og Statens vegvesen for å få dei til å planleggje og realisere ny tiltak som støttar opp om målet. Nokre sentrale stikkord vil være utbetring av veg, fokus på kollektiv trafikk, trygg skuleveg og skuleskyss.

I økonomiplanperioden er mogleg deltaking og innhald i ein ny Haugalandspakke sentral.

Sveio kommune har dei siste åra gjennomført fleire trafikksikringstiltak. I tillegg til restmidlar løyva tidlegare, er det i planperioden satt av ein mindre sum til tiltak årleg. Sveio kommune har blant anna starta eit arbeid med å sjå på moglege betre tilkomstløysingar til bustadfeltet Solheimslie og Lauvneset i Førde. Vidare er det starta opp eit planarbeid med regulering av gang og sykkelveg i Auklandshamn. Sveio kommune har gjeve tilbakemelding til Vestland fylkeskommune om økonomisk bidrag til gatelys frå Sveio sentrum mot Haukås.

Vidare har vi som mål at «Sveio kommune skal sikra god utbygging og vedlikehald av kommunale anlegg for veg, vatn og avlaup».

Her er vedlikehald av eksisterande infrastruktur og utbygging av nye vatn og avløpsanlegg sentralt. Utarbeiding av ny hovudplan for vatn og avløp vil i perioden leggje nærare føringar her. I økonomiplanperioden er det sett av ein årleg sum til å bytte ut røyrløysingar på grunn av elde, for å hindre lekkasje eller brot i vassforsyninga.

## Bruk og vern av strandsona

Strandsona er eit sentralt tema i utarbeiding av ny kommuneplan som er i gang. I akseptert samfunnsdel er hovudmålet «Sveio kommune skal på ein god måte utnytta potensialet det er å vera ein kystkommune».


Dei lista strategiane for å nå måla er:

- Gjennomføra verdivurdering langs strandlina for å avklara kva område som er viktige å verna om, før ein vurderer utbyggingsområde
- Bruka funksjonell strandsonavurdering og kategorisering av strandsona for å vurdere verdiane for allmenn interesse i strandsona
- Gjennom kommuneplanen sin arealdel sikra viktige areal med omsynssoner
- Gjennom arealstrategiar finna område langs sjøen som eignar seg til utbygging, utan at det går ut over viktige omsyn, som tilkomst og friluftsliv for ålmenta
- Bruka arealdelen for å sikra god og forsvarleg utbygging i strandsona
- Bruka arealstrategiane for å finna areal som eignar seg til småbåthamnar/småbåtanlegg
- Bruka arealstrategiane for å finna areal som eignar seg til næringar som må ha tilgang til sjøen med hamn og landbaserte anlegg
- Gjennom arealstrategiar vurdere areal for heilårs- og fritidsbustader til sjøen

Her vil det vidare arbeid med kommuneplanens arealdel være sentral for å konkretisere strategiane.



# Klimabudsjett 2022



Noreg har ei målsetting om å redusere utslepp av klimagassar i 2030 med minst 50 prosent og om å vere eit lågutsleppssamfunn i 2050. Det vil innebere at utslepp av klimagassar er på 1,5 tonn per innbyggjar.

For å vere med å bidra til og klare dette målet, blir arbeidet med å redusere klimagassutsleppa i Sveio kommune sett i system gjennom å utarbeide eit klimabudsjett. Klimabudsjett er eit styringsverktøy for å nå mål om å redusere utslepp av klimagassar og andre vedtekne klimamål. Klimabudsjettet er ein integrert del av kommunen sin handlings- og økonomiplan. Gjennom den ordinære rapporteringa knytt til budsjettprosessen, skal det og bli rapportert systematisk på tiltaka i klimabudsjettet. Klimabudsjett er nybrottsarbeid, og det er mellom anna ingen nasjonale føringar på kva systemgrenser eit klimabudsjett skal ha eller kva tiltak planen kan innehalde.

## Klimamål for Sveio kommune

Sveio kommune sin Energi- og klimaplan 2011 – 2016 blei vedtatt prolongert i 2019. Tiltak for å oppnå lågare klimagassutslepp er knytt til mål om:

- ein meir klimavenleg kommunal bilpark
- kommunen skal leggje til rette for klimasamarbeid med industri- og næringslivsaktørar
- kommunen skal vere ein aktiv pådrivar for eit godt kollektivtilbod
- kommunen skal planlegge og tilstrebe samanhengande gang- og sykkelvegnett, og generelt leggje til rette for aktiv sykling, særleg til/frå arbeidsplassen
- energibruk i kommunal bygningsmasse og kommunale anlegg skal reduserast med minst 10% i løpet av planperioden

Kommunestyret har og erklært at dei er samd i at verda står overfor store og alvorlege klimautfordringar og har beden Rådmannen om å ha fokus på arbeidet med å redusera kommunen sine utslepp og klimaavtrykk.

Tiltak i klimabudsjett 2022 vil vere basert på måla i gjeldande energi- og klimaplan og vil fokusere på direkte- og indirekte utslepp innanfor den kommunale verksemda.

**Klimabudsjett 2022 for Sveio kommune er avgrensa til å gjelde reduksjon av direkte- og indirekte utslepp innanfor verksemda til kommunen.**


## Klimagassutslepp i Sveio kommune

Klimagassutslepp blir delt inn i direkte og indirekte utslepp. **Direkte utslepp** omfattar dei direkte, fysiske utsleppa som skjer innanfor kommunen sin geografiske grense (t.d når bilen forbrenner bensin eller diesel). **Indirekte utslepp** omfattar utslepp utanfor det geografiske området, som er ei konsekvens av forbruk av varar og tenester innanfor det geografiske området (t.d då bilen blei produsert).

Som illustrert i Figur 3 er direkte utslepp i frå verksemda til kommunen ei lita del av dei totale utsleppa. I tillegg kjem det totale klimafotavtrykket for verksemda som og inkluderer dei indirekte utsleppa. Vidare kjem direkte utslepp innanfor kommunen sine grenser og ibuarane sitt totale fotavtrykk.

Målet er på sikt å utvide målsettingane i klimabudsjettet til å inkludere meir enn utslepp i frå kommunal verksemd. Nye mål og tiltak for klimaarbeidet i Sveio kommune vil bli utarbeida og konkretisert i ny klimaplan.


### Illustrasjon av utslepp frå eksempelkommune med 10 000 innbyggjarar



Figur 3: Illustrasjon av utslepp frå eksempelkommune med 10 000 innbyggjarar. Kjelde: Ducky.

## Direkte utslepp

I 2019 var dei direkte, fysiske utsleppa som skjedde innanfor Sveio kommune sine geografiske grenser på 49 515 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter<sup>1</sup>. Dei største direkte utsleppa kjem i frå sjøfart, vegtrafikk og jordbruk. Anna mobil forbrenning, oppvarming, avfall og avløp står for ein mindre del av utsleppa. Utsleppa har i perioden 2009 til 2019 vore relativt konstante. I 2019 var endringa på -3,3 % frå føregående år.



Kilde: Miljødirektoratet

Figur 4: Sektorfordelte direkte utslepp per år.

### Sjøfart

Sjøfart og fiske er viktige utsleppskjelder i Noreg. I 2019 sto desse transportformane for 5,9 % av dei norske klimagassutsleppa, og det har vore ei nedgang dei siste åra. I Sveio har utslepp i frå sjøfart auka med rundt 6 prosent i perioden 2009 – 2019. Det er i all hovudsak passasjertrafikk, stykkgodsskip og andre aktivitetar innan sjøfart som står for utsleppa. Sveio kommune har få verkemiddel til å påverke klimagassutslepp i frå sjøfart.

### Vegtrafikk

Vegtrafikken står for 17 prosent av dei totale utsleppa av klimagassar i Noreg. Dei største utsleppa frå vegtrafikken i Sveio kjem frå tunge køyretøy og personbilar. Mykje av utsleppa skuldast vegtrafikken på gjennomfartsvegane E 39 og Fv. 47. Samtidig bidreg den interne personbiltransporten, særleg i samband med arbeidspendling og handels- og fritidsreiser. Utslepp i frå vegtrafikk i Sveio har gått ned med rundt 15% i perioden 2009 – 2019. Ei årsak til det kan vere auka bruk av elbilar og meir innblanding av biodrivstoff.


### Jordbruk

Jordbruket sto i 2019 for 8,8 % av dei norske klimagassutsleppa. Her er det i hovudsak metan (~60 %) frå husdyr, og lystgass (~40 %) frå spreining av gjødsel, som gjev utslepp. I Sveio kjem dei største jordbruksutsleppa i frå bruk med høner og sauer. Oppdyrking av myr fører til utslepp av CO<sub>2</sub> gjennom nedbryting og tap av karbon, men dette inngår ikkje som utslepp frå jordbruk i klimagassrekneskapet. Ein måte å redusere utsleppa frå jordbruket på, er å bruka husdyrgjødsle til produksjon av biogass, få eit meir klimavenleg kosthold og å kasta mindre mat.

<sup>1</sup> Utslippene blir målt i CO<sub>2</sub>-ekvivalenter, som betyr at utslippene for kvar gass blir vekta etter gassen sin globale oppvarmingspotensial (GWP).

### Anna mobil forbrenning, oppvarming, avfall og avløp

Store deler av kommunen sine direkte utslepp er å finne innan kategoriane anna mobil forbrenning, oppvarming, avfall og avløp. Ver merksam på at statistikken inkluderer direkte utslepp innanfor kommunen si geografiske grense, og ikkje berre utslepp i frå verksemda til kommunen.



Figur 5: Direkte utslepp frå anna mobil forbrenning, oppvarming, avfall og avløp. Kjelde. Miljødirektoratet.


Anna mobil forbrenning omfattar utslepp i frå dieseldrivne motorreiskapar, der anleggsmaskinar og traktorar utgjer dei største kjeldene. Utsleppa i frå anna mobil forbrenning har variert mykje, men det har vore knytt ein del usikkerheit til datagrunnlaget. Statistikken viser ei reduksjon i utslepp på i underkant av 13 prosent frå 2009 til 2019.

Bare 1,4 prosent av Sveio kommune sine totale utslepp er i frå oppvarming. Men utsleppa i frå denne kjelda har gått opp med i underkant av 24 prosent i perioden 2009 – 2019. Utsleppa kjem i all hovudsak i frå vedfyring, gass og fossil olje. Utslepp i frå oppvarming av kommunale bygg er på 27 tonn CO<sub>2</sub>-ekv i 2019, som er ei reduksjon på rundt 17 prosent frå 2009. Oppvarming med propan er i ferd med å bli utfasa i kommunale bygg og strøm er hovudkjelda. I statistikken er utslepp i frå elektrisitet null fordi statistikken berre inkluderer direkte utslepp. Vår bruk av elektrisitet kjem med i statistikken der den blir produsert under sektoren energiforsyning.

Utslepp i frå avfall og avløp er gått ned med over 40 prosent frå 2009 til 2019. Største delen av utsleppet er i frå avfallsdeponigass. Det er nok restutslepp i frå det gamle avfallsdeponiet i Førde, som ein på slutten av 70-talet stansa å deponera på.

## Indirekte utslepp - klimafotavtrykk

Ducky har utvikla eit verktøy som gir oss oversikt over forbruksbaserte utslepp – folkets fotavtrykk<sup>2</sup>. Det totale fotavtrykket i 2019, som er summen av dei forbruksbaserte utsleppa, både direkte og indirekte, til innbyggjarane i Sveio kommune, var på 76 374 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter. Det er 13,3 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter per innbyggjar, som er det lågaste av alle kommunane i Vestland. Største delen av utsleppa er i frå energi (38%). Deretter følgjer utslepp i frå offentleg, forbruk av varar og tenester, mat og transport.



## Gjennomførte klimatiltak

Mange tiltak er allereie gjennomført i den kommunale verksemda.

| Utslepps-sektor        | Beskriving av allereie gjennomført tiltak  | Ansvarleg       |
|------------------------|--|-----------------|
| <b>Avfall</b>          | Kjeldesortering medisin- og risikoavfall   | Helse og omsorg |
|                        | Kjeldesortering  | Alle            |
|                        | Redusere kopiering   | Alle            |
|                        | Elektronisk post – websak  | Alle            |
|                        | Redusere matsvinn ved SOS  | Helse og omsorg |
|                        | Reparerer datamaskiner, i staden for å kjøpe nye   | IKT             |
|                        | Digitale læremidler i skulen   | Skule           |
|                        | Greentech – gjenbruk og resirkulering av datautstyr  | IKT             |
|                        | Meir miljøvennlig utskrift ved å ha færre multifunksjonsmaskiner og utskriftsstandard med tosidig og gråtoner.                                   | IKT             |
|                        | Gjenbruk av mobil og datautstyr internt i organisasjonen.  | IKT             |
| <b>Vegtrafikk</b>      | Redusere unødige reiser. Digitale møter  | Alle            |
|                        | Redusere utkjøring ved økt bruk av fjernhjelp (IKT)  | IKT             |
|                        | Elektrisk tenestebil for tilsette  | Adm             |
|                        | Kjøp av 4,2 tonns EI-hjullaster med m.a feieaggregat.  | Drift og anlegg |
|                        | Samkøyring mtp vatnprøver, innkjøp og anna   | Drift og anlegg |
|                        | Det er lagt til rette for lademoglegheit ved fleire kommunale bygg   | Adm             |
|                        | Legge til rette for gåande og syklande   | Drift og anlegg |
|                        | Sentralisering av avfallshenting   | Drift og anlegg |
| <b>Oppvarming</b>      | Redusera straumbruk  | Alle            |
|                        | Solceller Vigdartun  | Drift og anlegg |
|                        | Ny varmepumpe Førde barnehage  | Drift og anlegg |
|                        | Varmepumpe på Sveio Omsorgssenter  | Drift og anlegg |
| <b>Avfall og avløp</b> | Lokalisere og stoppe vatnlekkasjar i ledningsnettet slik at ein kan få ned energiforbruket på vatnbehandlingsanlegg og trykkforsterkningspumper. | Drift og anlegg |
| <b>Anna</b>            | Konsolidering av serverutstyr (færre servere)  | IKT             |
|                        | Anbefaler nøkternt utstyr ved innkjøp  | IKT             |
|                        | Stiller miljøkrav i anbodskonkurransar   | Adm             |

<sup>2</sup> [Folkets Fotavtrykk](#)

## Tiltak med kvantifisert utsleppsreduksjon 2022-2025

| Utslepps-<br>sektor- og<br>kjelde                    | Nr. | Tiltak og virkemiddel   | Ansvarleg       | Effekt i CO2-ekvivalenter |              |               |               |
|--|-----|---|-----------------|---------------------------|--------------|---------------|---------------|
|  |     |   |                 | 2022                      | 2023         | 2024          | 2025          |
| <b>Vegtrafikk</b>                                    |     |   |                 |                           |              |               |               |
| Lette kjøretøy                                       | 1.  | Bytte til el-bilar i Heimetenesta                               | Heimetenesta    | -19,2                     | -19,2        | -19,2         | -19,2         |
|  | 2.  | Lovverk for drosjer: nullutslepp innan 2025                     | Sveio taxi      |                           |              | -25,25        | -50,5         |
| <b>Oppvarming</b>                                    |     |   |                 |                           |              |               |               |
| Straum   | 3   | Varmepumpe på Vigdartun   | Drift og anlegg | -43,9                     | -43,9        | -43,9         | -43,9         |
|  | 4   | Varmepumpe på kommunehuset                                      | Drift og anlegg | -22                       | -22          | -22           | -22           |
|  | 5   | Nytt ventilasjonsanlegg og etterisolering av tak på Vikse skule | Drift og anlegg | -18                       | -18          | -18           | -18           |
|  | 6   | Etterisolering tak kommunehuset                                 | Drift og anlegg |                           |              | -13           | -13           |
|  | 7   | Varmepumpe Sveio kyrkje   | Sveio kyrkje    | -14                       | -14          | -14           | -14           |
|  | 8   | Varmepumpe Valestrand kyrkje                                    | Sveio kyrkje    |                           |              | -5            | 5             |
| <b>Sum utsleppsreduksjon i tonn CO2-ekvivalenter</b> |     |   |                 | <b>117,1</b>              | <b>117,1</b> | <b>160,35</b> | <b>160,35</b> |

### 1. Bytte til el-bilar i Heimetenesta (2022)

7 bensinbilar brukt av Heimetenesta vil bli bytta ut til elbilar når leasingperioden er slut.

### 2. Lovverk for drosjar: nullutslepp i frå 2025

Vestland Fylkeskommune har vedtatt at alle drosjer i Vestland fylke skal vere utsleppsfrie innan oktober 2025. Venta reduksjon i klimagassutslepp i frå verksemda til Sveio taxi er lagt inn i tiltaksbanen. Det er venta gradvis innfasing. 50% av venta reduksjon er derfor lagt inn i frå 2024. Sveio Taxi har i dag to elektriske drosjer.

### 3. – 4 . Reduksjon av klimagassutslepp er berekna ut i frå venta reduksjon i straumforbruk.

## Tiltak med ikkje - kvantifisert utsleppsreduksjon 2022-2025

For ein del klimatiltak er det vanskeleg å kvantifisere utsleppsreduksjon.

| Utsleppssektor- og kjelde | Nr. | Tiltak og virkemiddel   | Ansvarleg       |
|---------------------------|-----|---|-----------------|
| Vegtrafikk                |     |   |                 |
| Lette køyretøy            | 1   | Samordne bustad-, areal- og transportplanlegging  | Plan            |
|                           | 2   | Legge til rette for utbygging av gang- og sykkelvegnett spesielt rundt skular og barnehagar | Drift og anlegg |
| Anna                      | 3   | Miljøfyrtårnsertifisering av biblioteket på Vigdartun (2022)                                | Drift og anlegg |
|                           |     | Miljøfyrtårnsertifisering av kommunehuset (2022)  | Drift og anlegg |
|                           |     | Miljøfyrtårnsertifisering av Auklandhamn (2023)   | Drift og anlegg |
|                           |     | Miljøfyrtårnsertifisering av Førde (2023)   | Drift og anlegg |
|                           | 4   | Stille klima- og miljøkrav i kommunale innkjøp  | Adm.            |
|                           | 5   | Redusere matsvinn ved SOS   | SOS             |

### 1. Samordne bustad-, areal- og transportplanlegging

Målet med samordna planlegging er mindre behov for bilkøyning.

### 2. Utbygging av gang- og sykkelvegnett rundt skular og barnehagar

### 3. Miljøfyrtårnsertifisering

Ein ekstern verifisering av miljøstyringssystemet, der det blir sjekka at verksemda arbeidar med å redusere påverknad på det ytre miljøet.

### 4. Klima- og miljøkrav i kommunale innkjøp

Gjennom å stille økte miljøkrav til kommunens leverandører, skal det motivere næringslivet til å gjøre endringar som gir lågare klimautslepp og meir miljøvennlige løysingar. Sveio er med i eit prosjekt for å auke kompetanse og vektlegging av miljø- og klimakrav i innkjøp av varer og tenester, i lag med Karmøy, Haugesund, Tysvær, Etne og Vindafjord. Prosjektet er støtta med klimasatsmidlar frå Miljødirektoratet.

### 5. Redusere matsvinn ved SOS

I Noreg står matsvinn for 2 prosent av det totale klimagassutsleppet (matprat.no). Sveio Omsorgssenter arbeidar med å redusere matsvinnet.

# Kommentarar frå organisasjonen

## Rammeområde barnehage

### Tenester og oppgåver i avdelinga

Samfunnsoppdraget til barnehagane er stort. Barnehagen skal gje barna gode utviklings- og opplæringsmoglegheiter i nær forståing og samarbeid med heimane, gjennom å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik. Barna skal oppleva trygge og inkluderande miljø samstundes som kvart enkelt barn blir sikra heilskapleg utvikling. Barnehagane er ein arena for førebygging og skal tidleg setja i verk tiltak ut i frå kvart barn sitt behov, og er altså ein viktig brikke i å gje barna ein god start i livet. Kommunen skal som barnehageeigar bidra til at barnehagane driv ei teneste i samsvar med Lov om barnehagar og Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver.

Kommunen skal likebehandla private og kommunale barnehagar når den utfører oppgåver som barnehagemynd. Dette gjeld mellom anna godkjenning, samordna opptak, kommunalt tilskot til private barnehagar, reduksjon i foreldrebetaling, rettleiing og tilsyn av både kommunale- og private barnehagar samt plikt til å sikra barnehageplass til alle barn med lovfesta rett og som er busette i kommunen. Sveio kommune har eit eige ressursteam med spesialpedagogar og logoped som arbeider førebyggjande med tidleg innsats og gir spesialpedagogisk hjelp etter lovkrava i barnehageloven. Elles er det lagt til området å koordinera lokalt utviklingsarbeid og delta aktivt i ulike regionale samarbeidstiltak som Forum for oppvekst i Sunnhordland, PPT og BTI (Betre tverrfagleg innsats).

### Mål:

- Sveio kommune skal bidra til gode oppvekstmiljø og leggja til rette for gode utviklings- og opplæringsmoglegheiter for alle. Barnehagane skal ha eit barnehagetilbod av god kvalitet.
- Gjennom utvikling og læring i språk, lesing og skriving skal barn og unge sikrast eit godt fundament for å lukkast seinare i utdanning, arbeids- og samfunnsliv.
- Barna skal ha ein barnehagekvardag som bidrar til gode sjølvbilete, meistring og lærelyst ved at dei:
  - Opplever seg sett, lytta til, verdsett og inkludert
  - Opplever omgivnader som legg til rette for leik, venskap, glede og humor
  - Vert møtt på måtar som utviklar deira relasjonskompetanse og sosiale dugleikar
  - Utviklar god sjølvkjensle, er trygge og har ei god grunnstemning
  - Opplever omgivnader som fremjar kreativitet, utforsking, nysgjerrighet, vitebegjær, læring og kommunikative dugleikar
- Sveio kommune har nok barnehageplassar til innbyggjarane i kommunen
- Sveio kommune kan tilby barnehageplass til alle som søker dei kommunalt eigde barnehagane

### Tiltak:

- Barnehagane deltek i Rekomp og følgjer opp kvalitetsutviklingsarbeidet. Dette i samarbeid med NLA for å skapa fagleg vekst og utvikling i barnehagen.
- Barnehagane utviklar dei lærande profesjonsfelleskapa for å sikra at beste praksis blir delt mellom dei tilsette og mellom barnehagane.
- Barnehagane gjennomfører brukarundersøking i løpet av november 2022.
- Barnehagane gjennomfører heilt eller delvis UDIR si Ståstadsanalyse.
- Barnehagebruksplan vert revidert i 2022



## Mål for eininga for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

*Klimatrusselen – klima, miljø og energi*

Mål:

- Barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barnehagen skal vere med å fremje verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn.
- Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at handlingar i dag har konsekvensar for framtida.
- Barna skal få naturopplevingar og bli kjende med mangfaldet i naturen, og barnehagen skal bidra til at barn opplever tilhøyrsløse til naturen.
- Barnehagane skal bidra til å redusera direkte klimagassutslepp frå verksemda

Tiltak:

- Barnehagane jobbar med klima, miljø og berekraft i barnegruppene, avpassa alder og behov
- Barnehagane fylgjer kommunen sin plan i forhold til miljø sertifisering/kildesortering
- Barnehagane kartlegg og vurderer energieffektiviserande tiltak
- Barnehagane nyttar digitale løysingar
- Barnehagane reduserer bruk av plast/papir og gjenbruker materiell
- I løpet av 2022 vert det utarbeidd ein plan for matsservering i dei kommunalt eigde barnehagane med fokus på bærekraft, sunt & godt kosthald og felles standard for mattilbodet.

*Folkehelseperspektivet – det skal vera godt å bu og arbeida i Sveio*

Mål:

- Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å utjamne sosiale forskjellar.
- Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi.
- Barnehagen skal førebyggje krenkingar og mobbing.
- Barnehagane skal vere ein arbeidsstad for tilsette som fremjar trivnad, utvikling og høgt arbeidsnærver.

Tiltak:

- Barnehagane skaper eit trygt og inkluderande barnehagemiljø som skal fremje venskap og fellesskap for alle.
- Barnehagane nyttar handlingsretteleiarer knytt til BTI og stafettloggen
- I løpet av 2022 vert det utarbeidd ein plan for matsservering i dei kommunalt eigde barnehagane med fokus på berekraft, sunt & godt kosthald og felles standard for mattilbodet.
- Barnehagane informere om og er til hjelp med å søkje om redusert betaling i barnehage
- Barnehagane arbeider systematisk og målretta med jobbnærver

### *Den digitale kommunen – ein kommune i tida*

#### Mål:

- Den digitale praksisen til barnehagen bidrar til leik, kreativitet og læring.
- Bruk av digitale verktøy i den pedagogisk arbeidet støttar opp om barna sine læreprosessar.
- Barnehagane har administrative system som fører til forenkling og fornying.

#### Tiltak:

- Personalet skal aktivt leggje til rette for at barn utforskar, leiker, lærer og sjølv skaper noko gjennom digitale uttrykkseformer.
- Digitalisering er felles tema på styramøter for å sikra erfaringsdeling og kompetanseheving i einingane
- Sikra at tilgjengelige administrative system vert nytta i barnehagane
- Utvikle plan for IKTsatsing i barnehage

### *Samfunnstryggleik og beredskap – ein trygg kommune*

#### Mål:

- Barnehagane har beredskapsplanar som skildrar korleis krisehendingar skal handterast (beredskapskort).
- Barnehagane har rutinar/system knytt til miljøretta helsevern i barnehage/HMS for tilsette

#### Tiltak:

- Barnehagen har til ei kvar tid oppdaterte beredskapsplanar og dei tilsette er kjend med innhaldet i desse.
- Barnehagen har rutinar/system og dokumenterer korleis dei fylgjer opp miljøretta helsevern i det daglege arbeidet.

### **Utfordringar**

Budsjettet er nøkternt og gir lite handlingsrom til oppgradering av pedagogisk materiell, leiker, utstyr, og inventar. Tilskotssatsane i Sveio kommune er lågare enn dei nasjonale satsane. Det vil seia at barnehagane vert drivne med lågare driftsutgifter enn gjennomsnittet for landet. Det er ei utfordring at tiltak som aukar kvaliteten i kommunale barnehagar genererer høgare tilskotssatsar til dei private barnehagane.

Dei kommunale barnehagane har ein bygningsmasse som er prega av slitasje og treng utskifting og oppgradering. Eigen plan for vedlikehald må utarbeidast i 2022.

Sjølv om det er rundt 100 færre barnehagebarn i Sveio i dag enn i 2014, har etterspurnaden etter barnehageplassar i kommunale barnehagar vore stabil dei siste åra. Det er venta vidare nedgang i barnetalet i åra som kjem, og det blir derfor viktig for kommunale barnehagar å forsette med å tilby barnehage tilbud av god kvalitet, og slik vere attraktiv når føresette veljar barnehageplass.

## Rammeområde skule

Grunnskulen i Sveio har rundt 850 elevar skuleåret 2021/22 fordelt fire reine barneskular, eit oppvekstsenter og ein kombinert barne- og ungdomsskule. I tillegg har Sveio kommune vaksenopplæring for vaksne. Med kulturdel inkludert bibliotek og idrettshall i Vigdartun og omliggjande for idrett, har idrett og til dels kultur eit levande senter. Tenesteområdet leia av kommunalsjef for barnehage, skule og kultur.

Hovudutval for oppvekst (HOK) er tenesteområdet sitt folkevalde fagutval med ni medlemmar.

## Tenester og oppgåver i avdelinga

Skulane våre skal sørge for at alle elevane får eit godt læringsutbyte. Dei skal ha som føresetnad eit inkluderande læringsmiljø kor elevane har god trivsel, er trygge, og får utviklingsmoglegheiter og opplæring tilpassa føresetnadane sine (Kommuneplan for Sveio 2020-2032, -samfunnsdel). Skulane våre skal syta for at elevane opplever å mesistre og personleg utvikling.

Inkluderande opplæring presenterast som eit prinsipp for opplæringa og skulen sin praksis i overdna del av Kunnskapsløftet. Inkludering er ein viktig premis for å sikre like utdanningsrettigheter til alle. Eit tiltak i dette er bruk av to-lærer i basisfaga. Organiseringa kan vere både ein pedagogisk modell, eit døme på korleis auka undervisnings ressursar kan nyttas, og ei arena for profesjonsutvikling.

I arbeidet med å inkludera fleire elevar i den ordinære opplæringa er PP-tenesta ein viktig bidragsytar og samarbeidspartnar. Eit mål med inkludering og tidleg innsats er å redusera talet på elevar med spesialundervisning. Prosentdelen som får spesialundervisning etter einskildvedtak, er gått noko opp frå 7,2 % i 2019 til 8.1% i 2020. Sveio kommune er likevel lågare enn kostragruppe 01 (8.4%), men høgare enn landsgjennomsnittet (7,8%).

Kunnskapsdepartementet har fornya læreplanane i skulen slik at dei blir meir relevante for framtida. Sveio skulane har arbeidd systematisk med fagfornyninga siste skuleår. Dei siste målingane viste både god framgang og svært mange gode resultat i grunnleggande dugleikar.

For skuleåret gjeld at vi skal innføre nye digitale læremiddel i basisfaga. Dei digitale læremidla blir stadig oppdatert i forhold til ny læreplan. Dette er viktig for at opplæringa i kommunen skal vere på eit fagleg godt nivå. Sveio kommune er med i eit interkommunalt samarbeid med NordR om vurdering og innkjøp av digitale læremiddel. Denne skal erstatta lærebøkene og blei tatt i bruk innan basisfaga hausten 2021. Alle skulane har til dels ganske gamle lærebøker, og det vil difor vere avgjerande for kvaliteten i undervisninga at skulane har god tilgang til oppdaterte digitale læremiddel. Sveio kommune har tidlegare motteke tilskot frå Udir som er øyremerka innkjøp digitale læremiddel. Det er ønskjeleg at skulane skal gi eit likt tilbod til elevane i kommunen. Alle elevane har nå fått Chromebook og i tillegg er det kjøpt inn lærarmaskinar til tilsette. Sveio kommune har og søkt om tilskot til programmering innan den digitale skulesekken.

Arbeidet for skuleområdet er forankra i opplæringslova med forskrifter. Grunnlaget for *Kommunen sitt forsvarlege system* er endra til opplæringslova §§ 9A-2, 13-1 og 13-3 og §25-1 i kommunelova om internkontroll i kommunen og fylkeskommunen. Kommunen vil involvere PP-tenesta i utarbeiding og etterleving av rutinar, og sikre at skulane får god nok rettleiing.

Med grunnlag i opplæringslova har det administrative skuleeigarnivå ansvar for å følgja opp læringsmiljø og læringsresultat i skulane gjennom lokale og nasjonale styringssystem. Årleg deltar mange lærarar frå Sveio på ulike vidareutdanningstilbod forankra i strategien «Kompetanse for kvalitet». Kommunen har dei siste åra i tillegg hatt lærarar under vidareutdanning til lærarspesialist, ei omfattande statleg vidareutdanning der deltakarane blir spesialistar på undervisning innan eitt fagområde. Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS), ulike universitet- og høgskulemiljø og nasjonale kompetansesentra er viktige samarbeidspartar i kompetanseutvikling for lærarar.

Talet på elevar som nyttar SFO tilbodet skuleåret 21/22 er auka. Til saman har 132 av 334 elevar på 1-4 trinn i Sveioskulane SFO plass, og det blir igjen bli ferie-SFO ved Sveio skule. Dette kan vere

eit godt tiltak i å betre overgangen mellom barnehage og skule, og som tiltak for å fremme psykisk helse og livsmestring.

Vaksenopplæring etter introduksjonslova og opplæringslova er organisert under oppvekst skule. Fire av fem skular i kommunen gir tilbod om SFO.

### **Mål for eininga for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen**

Skulane skal bruka dei nasjonale satsingsområda aktivt for å oppnå måla og følgja opp *Kvalitetsplan for barnehage og skule*. Skulane og skuleeigar skal samarbeide om å gjennomføra lokale utviklingstiltak og kompetanseheving for tilsette knytt til fagfornyinga og vidareføre tiltak om å innføring av ny programvare forankra i denne.

#### *Klimatrussele – klima, miljø og energi*

##### Mål

- Skulane arbeidar aktivt med tema innan det nye læreplanverket
- Dei tilsette og elevane er miljøbevisste

##### Planlagde tiltak 2022

- Kutt i innkjøp av analoge læremiddel/lærebøker/skrivebøker
- Redusere kopiering
- Kjeldesortering ved skulane
- Digitale kurs og instansmøter
- Mindre straumbruk, og senke temperaturen
- Gå, sykle og kjøre nullutslippsbiler til skule og jobb når det er høve til det

#### *Folkehelseperspektivet – det skal vera godt å bu og arbeida i Sveio*

##### Mål

- Skulane skal ha fokus på kvalitet og læringsutbytte med vekt på gode ferdigheter i grunnleggjande dugleikar
- Elevane har eit inkluderande og trygt læringsmiljø med nulltoleranse for mobbing, krenkingar og utestenging
- Skulane gir rom i den ordinære opplæringa for elevar som har trong for ekstra oppfølging i form av spesialundervisning
- Betre tverrfagleg innsats mellom fleire tenester i kommunen bidrar til gode oppvekstvilkår for barn og unge slik at dei meistrar utfordringane dei møter i livet
- Velkomstklasse og vaksenopplæring bidra til god opplæring i norsk for minoritetspråklege barn og vaksne og gir ei god integrering for denne målgruppa

##### Planlagde tiltak 2022

- To-lærer modellen skal auke fokus på inkludering og kvalitet på elevanes opplæringstilbod.
- Skulane utviklar dei lærande profesjonsfellesskapa og sett tiltak i lokal kompetanseutviklingsplan
- Skulane nyttar ulike kartleggingsverktøy frå UDIR og Ungdata undersøking
- Halda fram anti-mobbearbeidet
- Interkommunalt samarbeid om "Kompetanseløftet for spesialundervisning"
- "Lærerløftet - på lag med kunnskapsskolen" (2014), oppfylle kompetansekrava innan 2025
- Revidere *Kvalitetsplan for SFO* i tråd med ny forskrift til opplæringslova om rammeplan for SFO
- Opplæringslova §§ 9A-2, 13-1 og 13-3 og §25-1 i kommunelova om internkontroll i kommunen og fylkeskommunen er endra og trådte i kraft 1.01.2021. Internkontrollsystemet

oppdateras og rutiner endras slik at desse er i samsvar med regelverket og bidrar til at krav i regelverket blir etterlevd.

- Arbeida for trygge skuleveggar
- Ha fokus på og kartlegge psykisk helse skulane, og gjennomføre tiltak retta mot elevar som har definert tapt progresjon i perioden *skulane har vore stengde eller har hatt redusert opningstid grunna covid-19 og smitteverntiltak*

#### *Den digitale kommunen – ein kommune i tida*

##### Mål

- Barn og unge skal evne å delta i arbeid og felleskap og møte et samfunn i stadig utvikling
- utvikle kunnskap, ferdigheiter og skapartrong
- Sikra at alle elevar på 1.-9.trinn får opplæring i samsvar med ny læreplan
- At skulane har fokus på kvalitet og læringsutbytte forankra i fagfornyinga og legg vekt på at elevane å utviklar gode ferdigheiter i grunnleggjande dugleikar særleg i lesing, skriving og rekning

##### Planlagde tiltak 2022

- Implementera dei nye læreplanane i fag inkludert nye digitale læremiddel
- Utarbeide ein plan for å sikre til ein kvar tid tilgjengelege dataverktøy
- Utarbeide plan for skulebibliotek

#### *Samfunnstryggleik og beredskap, - ein trygg kommune*

##### Mål

- Etablere et tydeleg verdisyn og demokratisk haldning
- Skulane har beredskapsplanar som skildrar korleis krisehendingar skal handterast (beredskapskort).
- Skulane har rutinar/system knytt til miljøretta helsevern i skulen/HMS for tilsette

##### Planlagde tiltak 2022

- Skulane har til ei kvar tid oppdaterte beredskapsplanar som dei tilsette er kjend med innhaldet i
- Skulane har rutinar/system og dokumenterer korleis dei fylgjer opp miljøretta helsevern

### **Utfordringar**

Vaksenopplæringa i Førde gir tilbod etter introduksjonslova. Sjølv om deltakargruppa er minkande, er deltakartalet likevel ganske stabilt. Vi veit aldri med sikkerheit kor mange deltakarar vi får tida framover. Framleis treng mange av deltakarane særskild oppfølging fordi dei ikkje kan lesa og skriva på morsmålet sitt, då går norskinnlæringa svært seint. Dette gir utfordringar i høve tal lærarar.

Fleire søker om opptak for grunnskuleopplæring etter opplæringslova. Sveio har valt å kjøpa denne opplæringa av Haugesund kommune. Sjølv om dette er kostnadskrevjande, er det framleis ikkje så mange elevar som tar denne utdanninga at det vil bli rimelegare å organisera opplæringa her lokalt.

For å kunne nytte verdien av dei digitale læremidla må vi ha god tilgang til læremiddel, digitale verktøy - maskinar og chromebook. Omlag 850 maskinar blei kjøpte inn i løpet av 2 år. Det vil seie at mange er klare for utskifting etter 3 år. Det kan bli utfordrande å følgje planen for innkjøp då det ikkje er planlagt for og sett av nok midlar til i driftsbudsjett.

Skulebudsjettet er stramt, og det har vore og er utfordrande for skulane å auka kvaliteten på opplæringa samstundes som driftsutgiftene pr. elev er lågare enn dei vi samanliknar oss med. KOSTRA-tala viser at Sveio kommune hadde netto driftsutgifter til grunnskulesektoren per barn i alderen 6 – 15 år i 2020 på i underkant av 119 000 kr i 2020. Utgiftene til grunnskulesektoren ville ha vore høvesvis 3,3 og 4,2 millionar kroner høgare med satsane til Vestland og Kostragruppe 1. Tal frå analyseverktøyet Framsikt visar at Sveio kommune nyttar om lag 1,1 mill kroner midre enn gjennomsnittet i landet på undervisning, når ein korrigerer for utgiftsbehov. Som Telemarksforskning skriv i *Rapport om framtidig skulestruktur i Sveio kommune*, brukar vi framleis forholdsvis mykje til skuleskyss og lite til lokale og SFO. Utgifter til grunnskule (undervisning, leiging og materiell) er den største delen av utgiftene, men også her brukar vi mindre enn Vestland og Kostragruppe 1, men meir enn landet utan Oslo i 2020. I desse tala er det ikkje skilt mellom barne- og ungdomstrinn. Ungdomstrinnet er dyrare i drift enn barnetrinnet, og for budsjettåret 2022 vil ungdomstrinnet ha eiga ansvar.

Lange og trafikkfarlege skuleveg gjer at skuleskyss framleis tar ein større del av skulebudsjettet her i kommunen enn det som er vanleg i dei fleste andre kommunar. Takstane er blitt høgare og svært mange av elevane i kommunen har rett til fri skuleskyss. Sjølv om skuleskyss skal sikra at elevane kjem seg trygt til og frå skulen, er det i eit folkehelseperspektiv uheldig at barna ikkje kan gå eller sykla og slik skaffa seg gode mosjonsvanar.

Utgifter til skuleplassar i andre kommunar og private tilbod er kostnadar som skuleområdet i all hovudsak har lite høve til å påverka då det har samanheng med barnevernstiltak og vala til føresette om å nytta privatskular i opplæringa for barna sine. Det ei auke i utgifter til spesialundervisning for barn som går på private skular i andre kommunar.

Innføring av ny læreplan vil krevja mykje ressursar og merksemd på alle nivå i skulen. Utdanningsdirektoratet har utarbeid nettressursar som skulane systematisk skal nytta i kompetanseutviklinga for lærarane. Fagfornyninga vil fortsett vere eit tema for opplæring av skuleleiarane i regi av FOS, Fylkesmannen i Vestland og gjennom erfaringsutveksling og nettverk her lokalt.

Når det gjeld skular og skulebygg er den eldste delen ved Sveio skule tatt i bruk hausten 2020 saman med nybygget. Framleis står att arbeid med ferdiggjering av uteområdet som er venta å få mykje å seia for skulemiljøet til elevane. Ved fleire av skulane er det trong for ei oppgradering av bygg og uteområda (henv. Telemarkforskning sin rapport om skulebruksplan 2020).

Lærarnorma blei vedtatt i 2018 og fullstendig innført skuleåret 2019/20. Ved rammefordeling til skulane er det viktig å likebehandle skulane. Det er etter berekning av kor mange timar kvar skule får tildelt etter lærarnorma, lagt til timar for å sikre to-lærarsystem i basisfaga matte, norsk og engelsk, gitt fag- og timefordelinga til Udir.

Skulane skal etter forskrift ha tilgang på skulebibliotek. Det er ikkje funne ressursar til nye innkjøp av bøker ved den einskilde skule.

Rammene for SFO er vidareførte utan endringar, og er gitt til kvar SFO for å dekke friplassar og trong for ekstra ressursar knytt til barn med spesielle behov. Drift av SFO skal i utgangspunktet vere sjølvfinansierande gjennom brukarbetaling. Sveio SFO vil og gi tilbod til elevar som kjem frå andre skular, og dette vil auke skyss- kostnadar ytterlegare og det kan bli ei utfordring å drive ferie-SFO innanfor tildelt ramme.

Skulane har hatt eit noko auka sjukefråvær slik at dei ligg omlag som målsettinga for kommunen eller noko over i periodar. I juli viste samla sjukefråvær for skulane i 2021, 6,5 %. Målet for kommunen er 6,5 %. Sjukefråværet er heilt avgjerande for stabiliteten i opplæringa og må, sjølv om fråværsprosenten er tilfredsstillande, alltid ha stort fokus. Som følgje av Korona, har skulane sidan mars-2020 omorganisert opplæringa fleire gonger grunna heilt eller delvis stenging. Vi har fått god erfaring med digital undervisning og kan difor i mange situasjonar driva noko nettbasert opplæring, men vi må til ei kvar tid ha nok vaksne som kan sjå til elevane og driva opplæringa i klassane. Vi er og avhengig av gode digitale verktøy. Det er framleis uvisst korleis dette kan koma til å utvikla seg.

Ei ekspertgruppe har vurdert konsekvensane av smittevernstiltaka i skule og barnehagen. Ekspertgruppa kjem med nye anbefalingar om at tiltak for barn og unge skal vere så låge som mogleg av hensyn til læringa og deira psykisk helse. Dei meina vidare at delar av ekstra ressursar som kommunane motteke bør øyremerkast barnehage og skule, for å kompensera for kostnadar som følger med etterleving av smittevernsrelgane.

Psykisk helse blant barn og unge er et viktig innsatsområde både nasjonalt og lokalt. Sveio kommune har motteken tre tilskot til arbeid med sårbare barn og psykisk helse i skule og barnehage. Det er sett i gong tiltak ved ungdomskulen. Tiltaka vil bli vidareførte og organiserte slik at tilskota blir nytta til kartlegging av psykisk helse. Funn frå kartlegginga vil definera vidare tiltak utan at desse er finansiert. Dei sist tildelte tilskota skal nyttast til intensiv hjelp for å ta igjen tapt læring for sårbare barn i alle skulane. Tverrfagleg samarbeid mellom tenester en nøkkelfaktor for å kunne gi god oppfølging og riktig hjelp til dei som har behov for det. Barnevernsreforma legg meir ansvar for tidleg innsats på kommunane noko Sveio kommune må rigge seg for.



## Rammeområde pleie og omsorg

### Tenester og oppgaver i avdelinga

Pleie og omsorg er eining for omsorgssenter og heimeteneste. Eigenbetaling for opphald og andre tenester i pleie og omsorg ligg til eininga, samt å gi medisinsk- og sjukepleiefagleg hjelp til pasientgrupper med ulike behov på Omsorgsenteret og i heimen. Eininga gir rehabiliteringstilbod til pasientar etter brot, slagtilfelle, hjartesykje m.m, samt palliativ (lindrande) behandling i livet sin slutfase i institusjon og/eller i heimen. Det vert lagt til rette for livskvalitet og aktivitet for langtidspasientar, med høve til individuelle val og privatliv. Eininga organiserar ombringning av varm middag til heimebuande samt yt sjukepleie og praktisk bistand til heimebuande med ulik alder og behov. Eininga har og BPA (brukarstyrt personleg assistent), omsorgsløn og fokus på Velferdsteknologi. Dagsenter for eldre ligg og til eininga.

### Mål for eininga for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen)

Eininga skal formidle respekt for det einkilde menneske som eininga si grunnleggjande verdi. Miljøtiltak på SOS blir å redusera matsvinn. Heimetenesta skal over til el-bilar innan 2022. Heimetenestene skal ytast på ein slik måte at brukaren opprettheld, eller betrar funksjonsnivå så langt som mogleg. Før varige hjelpetak vert etablert skal tilrettelegging av bustad, velferdsteknologi ol. vere prøvd eller vurdert. Brukarmedverknad, eigenomsorg og aktivitet vert vektlagt i alle avdelingar. Alt samarbeid med pårørande skal vera dialogbasert og respektfullt. Kvalitetssikring av tenestetilbodet skal vera ein kontinuerleg prosess. Eininga skal auke jobbnærvær/ redusere fråvær ved fokus på tilrettelegging og moglegheiter i staden for avgrensing. Brukarane skal kunne bu lengst mogleg heime på ein trygg og god måte.

### Planlagde tiltak for å realisera måla samfunnsdelen til kommuneplanen

Tenesta vil gjennomføre planlagde samtalar 2 gonger pr.år med brukarar og pårørande i langtidssavdelingane. Det vil bli utarbeidd tiltaksplan etter gjennomført brukarundersøking. Det vil bli lagt til rette for arbeidet slik at seniorar kan fortsette i arbeid til pensjonsalder, samt at gravide arbeidstakarar kan stå i jobb under svangerskapet.

Ein vil fortsetje implementering av LEAN. Utvide samarbeid med frivillige ved bruk av Friskus. Tenesta vil samarbeida med brannvesenet om å driva førebyggjande brannvern i heimane, «Trygg heime» samt implementere velferdsteknologi. Brukarane kan bu lenger heime, ved bruk av avlastning- og vekselopphald og dagsenter. Nytt sjukesenganlegg på SOS vil vera med å betre tenesta som vert gitt.

### Utfordringar

Komplekse behandlingssoppgåver gjer at det er fagleg meir spenn i arbeidsoppgåvene tilsette utfører no enn før. Med auka fokus på at brukarar skal kunne bu lengre i eigen heim, gjer dette auka behov for kapasitet om kompetanse i heimetenesta. Kompetansebygging og opplæring vil krevje mykje av eininga for å kunne bygge og oppretthalde tenestekvalitet. Å implementere velferdsteknologi som teneste og verkty for de tilsette vil ha fokus og er ressurskrevjande.

Tenesta skal legge til rette for forsvarleg drift i eininga knytt til brukarar som krev ekstra bemanning grunna store åtferdsproblem og fare for utagering. Pasientane på institusjon krev tettare oppfølging, som følgje av at dei er sjukare og har større/anna hjelpebehov enn før. Med bemanningsfaktoren som er i dag, gjer dette at det vert vanskeleg å fortsetje med same drift som tidlegare. Fortsetje arbeidet med prosjekt knytt til Stortingsmelding 15 «Leve hele livet». Tenesta møter eit aukande behov for aktivitet hjå heimebuande eldre i dagsenteret. Koronasituasjonen vil periodevis kunne gje ei utfordrande drift med omsyn til bemanning og økonomi ved eventuelle smitteutbrot.



## Helse og rehabilitering

Helse- og rehabilitering gir følgjande tenester: Helsestasjon, skulehelse, jordmor, fastlegeordning, kommuneoverlege (bl.a. smittevern og miljøretta helsevern), tilsynslege sjukeheim, legevakt, psykisk helse, butiltak for vanskelegstilte, rusarbeid, fysio/ergoterapi, hjelpemiddel.

*Mål og tiltak for eininga for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen*

Eininga skal bidra til at innbyggjarane kan ta gode og kvalifiserte val i høve eiga helse, bl.a. gjennom informasjon, utgreiing og behandlingstiltak. Eininga skal ha ein sterk framskriden bevisstheit i høve miljø, når det gjeld innkjøp og køyring i jobbsamheng.

Eininga skal vera med og oppretthalda og forsøka styrka/utvikla dei helsemessige beredskapsfunksjonane som eininga allereie er deltakande i, og har ansvar for.

Eininga skal ta i bruk nye digitale verktøy i høve behandling, og også leggja til rette for meir bruk av digitale verktøy i møteverksemd med både interne og eksterne samarbeidspartar, samt i møte med brukarar/pasientar. Tenestene skal utviklast i takt med dei demografiske endringane. Det skal vere fokus på koordinering samt god og fagleg tilgjengeleg hjelp prega av samarbeid og respekt. Førebygging er sentralt i eininga, der tidleg hjelp og tett oppfølging i tidleg fase er sentralt. Eininga har fokus på samhandling med brukar og samarbeidspartar samt vere brukarvennlege. God legedekning skal sikrast.

Foreldrerolla skal styrkast, og vaksinasjonsdekning skal oppretthaldast. Det skal vere kontinuerleg fokus på fagleg utvikling

## Sveio helsestasjon

*Tenester og oppgåver i avdelinga*

Helsestasjonane og skulehelsetenesta i Sveio skal arbeide helsefremjande og primærførebyggjande blant familiar med barn og unge. Dette blir gjort i form av generelle og målretta undersøkingar, vaksinasjonar, heimebesøk, samtaler og rådgiving individuelt og i grupper. Dei gravide skal ha tilbod om oppfølging i svangerskapet av jordmor. Helsesøstertenesta har oppgåver på brei front med å fremje ei god folkehelse for innbyggjarane i kommunen. Det vert arbeidd tverrfagleg m.a. ansvarsgrupper for å sikre gode og koordinerte tenester til brukaren.

*Planlagde tiltak for å realisera måla samfunnsdelen til kommuneplanen*

Gjennomføring av lovfesta helsekontrollar og vaksinasjon til alle sped-, småbarn og skuleelevar i Sveio er ei prioritert oppgåve. Helsestasjonen vil gi råd/rettleiing og ekstra oppfølging til dei brukarane som har behov for det. Jordmora vil halde fram med jordmorteneste til gravide og prevensjonsundervisning til elevane i 9. klasse.

Det vil bli arbeidd med å vidareutvikle foreldrerettleiings-gruppene.

I samarbeid med psykiatrisk sjukepleiar vil ein drive vidare samtalegrupper i skulen.

Sveio helsestasjon vil vere ein sentral aktør i ein tverrfagleg implementering av TIBIR (tidleg innsats barn i risiko) og BTI (Betre tverrfagleg innsats).

*Utfordringar*

Oppretthalda og vidareutvikla tenestetilbodet i tråd med nasjonale føringar og lokale tilhøve. Sveio er ein kommune i vekst, og det merkast og på tal på fødsjar og born i målgruppa.

## Legekontora, legevakt og miljøretta helsevern

*Tenester og oppgåver i avdelinga*

Gjeld fastlegeteneste, legevakt, miljøretta helsevern, smittevernlege, turnuslege, skule- og helsestasjonslege, tilsynslege SOS, førebyggjande medisin og administrasjon.

#### *Planlagde tiltak for å realisera måla samfunnsdelen til kommuneplanen*

Tenesta vil vidareutvikla struktur, innhald og samarbeid med andre for den kommunale legetenesta, samt optimalisere eigen organisering. Sveio kommune vil delta vidare i det interkommunale samarbeidet for å sikra ein god felles legevakt for regionen. Det vil bli arbeidd med å utarbeide eit systematisk opplegg for miljøretta helsevern.

#### *Utfordringar*

Sveio kommune har dei siste par åra vore gode på rekruttering, slik at ein har hatt ei god fastlegedekning i kommunen dei siste åra, men vakanse grunna oppseiing frå lege i 2021 visar at me er svært sårbare. Det har denne gong vist seg svært utfordrande å rekruttera fastlege, og lange periodar utan å få rekruttert, fører og til store utgifter til dyre vikarløysingar.

### **Rehabilitering**

#### *Tenester og oppgåver i avdelinga*

Omhandlar tenester innan rus- og psykiatri (ROP) m/butiltak, psykososialt kriseteam, fysio- og ergoterapiteneste og hjelpemiddellager samt Tenestekontor.

#### *Planlagde tiltak for å realisera måla i samfunnsdelen til kommuneplanen*

Tenesta skal sikra trygge butilhøve og meningsfull kvardag for personar med psykiske vanskar/rus. Tenesta skal støtta heimebuande og deira pårørande slik at dei meistrar kvardagen. Informera om psykisk liding – haldningsskapande og toleransefremjande arbeid.

Førebyggjande psykososialt helsearbeid i høve til skuleborn og born av psykisk sjuke er ei prioritering. Tenesta vil forbeta og/eller oppretthalda funksjonsnivået til det enkelte menneske i høve til eigne ønske og behov uavhengig av alder og funksjonsnivå.

Tenesta skal formidla tekniske hjelpemiddel slik at brukarane i størst mogleg grad får hjelp etter behov. Psykisk helseteneste vil vere ein sentral aktør i ein tverrfagleg implementering av TIBIR (tidleg innsats barn i risiko) og BTI (Betre tverrfagleg innsats).

#### *Utfordringar*

Bustadtilbod med tilstrekkeleg tilsyn og omsorg for personar med samansett psykisk livsproblematikk/kriminalitet/rus er ei stor utfordring. Korleis vera i stand til å skapa gode og trygge bumiljø står sentralt når ein opplev at dei einskilde brukarane har svært ulike behov.

Korleis førebyggja/handtera ei veksande gruppe barn og unge som slit psykisk har stort fokus. Det er auka behov for rettleiing/støtte til barn/unge og deira familiar i vanskelege livssituasjonar.

Det er ei sentral oppgåve å skaffe kompetanse i høve til rus/psykisk liding. Tenesta vil framleis satsa på og avsetje ressursar til førebyggjande oppgåver innanfor psykisk helse. Å kunna oppretthalda enkelte helsefremjande og sjukdomsførebyggjande frisklivstilbod i kommunen som, sjølv om ein ikkje har nokon Frisklivssentral vil vere eit mål.

## Barnevern

### Tenester og oppgaver i avdelinga

Tenesta har 600% stilling og til saman seks tilsette. I tillegg kjem avlastarar og oppdragstakarar som fosterforeldre, støttekontaktar, tilsynsførarar og rettleiarar. Tenesta har som oppgåve å gje barn som lever i omsorgssituasjonar som kan skade deira helse og utvikling, rett hjelp til rett tid. Tenesta har felles barnevernvakt med Tysvær og Vindafjord/Etne kommunar. Tysvær er vertskommune for barnevernvakta.

### Mål for eininga for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

*Barneverntenesta skal bidra til at Sveio er ein god stad å bu ved å:*

- Gje barn og unge som har behov for det rett hjelp til rett tid
- Bidra til at barn og familiar som treng hjelp får denne hjelpa i heimen så fremt det er forsvarleg
- Arbeida for eit heilskapleg førebyggjande arbeid i kommunen ved å bidra til koordinert, stabil og samanhengande hjelp. BTI modellen og stafettlogg vil her vera sentral.

*Barneverntenesta skal bidra til trygge tenestar ved å:*

- Tilstreba beste praksis ved å:
  - Halde fristar for sakshandsaming jfr lov om barneverntenestar
  - Gje barn, unge og føresette høve til medverknad og vera aktivt deltakande i eigen sakInvolvera slekt og nettverk der det er mogleg
  - Planlegga og evaluera tiltak som blir sett i gong for å følgje med om dei fungera etter føremål
  - Dokumentera faglege vurderingar, evalueringar og avgjersler
- Ha fokus på kompetanseheving i tråd med til ei kvar tid gjeldande standard/retningslinjer
- Bidra aktivt med å dela den kompetansen som finst i tenesta med andre relevante hjelpetenestar i kommunen.

### Planlagde tiltak for å realisera måla samfunnsdelen til kommuneplanen

Tenesta vil regelmessig gjennomgå interne rutinar for sakshandsaming og gjennomføra ROS analysar.

Det vil bli utarbeida korte opplæringsvideoar/informasjonsvideoar i relevante tema knytt til barnevernfag, men som alle som arbeidar med barn og unge kan ha nytte av, som skal presenterast på kommunen si BTI side.

Tenesta vil aktivt jobba for at det vert oppretta stafettlogg for barn og unge i målgruppa ved å gjera stafettloggen kjent for dei familiare me er i kontakt med. På denne måten legga til rette for opne og etterrettelige tenester, samanhengande tenestetilbod og brukarmedverknad.

Tenesta vil vidare i 2022 inngå i prosjekt saman med fem andre barneverntenester (til saman ni kommunar) på Haugalandet. I 2020 og 2021 har fokus vore å utvikla og styrka det kommunale fosterheimsarbeidet. I 2022 vil dette arbeidet fortsetta, samstundes som fokus utvidast slik at og arbeidet med oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking vil verta teke med. Det vil bli gitt tilskot frå Statsforvaltaren i både Vestland og Rogaland knytt til prosjektsamarbeidet også i 2022.

Sluttføring av PMTO sertifisering er forventa på rundt årsskifte, slik at tenesta har sertifisert PMTO terapeut i 2022. Denne terapeuten vil då, saman med kommunen sine to andre terapeutar, bidra til å læra opp PMTO rettleiarar i andre einingar og i eigen teneste. Dette vil bidra til å styrka det førebyggjande arbeidet i kommunen.

## Utfordringar

Det er stadig utfordrande å finna eigna fosterheimar til dei barna som har trong for slike tiltak. Å kunne tilby eit variert nok spekter av tiltak til familiar er og utfordrande. Svært komplekse saker er utfordrande å handtera i eit relativt lite fagmiljø.



## Habilitering

### Tenester og oppgåver i avdelinga

Eining Habilitering tilbyr tenester til born og vaksne psykisk utviklingshemma i Sveio kommune. Eininga gir heildøgns bustadtilbod til tretten brukarar og kommunal avlastning til ein brukar. Seks innbyggjarar nyttar arbeidstilbod ved UNI-K og Podlen verkstad. Det vert og gjeve avlastning i privat heim i utvida omfang. Støttekontakt, privat avlastning og BPA er tenester som ligg innan for tenesteområdets ansvar.

Fagteam Habilitering gir tenester til heimebuande barn, unge og vaksne. Kartlegging av behov, tilråding av aktuelle og nødvendige hjelpetiltak forutan rettleiing ovafor foreldre/føresette for aktuelle målgruppe. Målgruppa omfattar personar med ulik grad av funksjonssvikt med omsyn til kognitive evner og ressursar. Fagteamet arbeidar for å sikre tenestekvaliteten til heimebuande barn og ungdom. Det vert gjort mellom anna gjennom rettleiing til føresette. Støttekontaktar og privat avlasterar får og tilbod om rettleiing. Ei gruppe eldre heimebuande psykisk utviklingshemma har dag ilbod ein dag i veka.

### Mål for eininga for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

Sveio kommune skal være ein god stad og bu for alle, det gjeldt også for innbyggjarane i kommunen som fell innunder ansvarsområdet Habilitering. Habilitering har i dag kommunale bustadar som ligger sentrumsnært, samt ein avdeling ved Straumøy gard for dei som har ynskt ein annan arena. Kommune er nå i gang med å byggje aktivitetshus. Dette skal etter planen står klart i mai 2022. Målgruppa vil få eit betre aktivitetstilbod på dagtid. Brukarane får auka livskvalitet gjennom ein meningsfull kvardag. For dei som får kommunal avlastning, er målet at foreldra og andre føresette skal få nødvendig hjelp for å handtere kvardagen. Det er viktig at foreldra føler seg trygge på at barna har det godt og kan trivast når dei bur heimanfrå. Fagteam Habilitering jobbar for at flest mogleg skal få bu heime lenger. Det er behov for rettleiing og oppfølging i eigen bustad utanfor foreldreheim, for innbyggjarar i kommunen med nedsett kognitiv funksjon.

Velferdsteknologi kan bidra til økt tryggleik for den psykisk utviklingshemma. Tryggleiksalarmer vert nytta for at personalet skal ha best mogleg sikkerheit på arbeidsplass. Velferdsteknologi gir sjølvstende til heimebuande. Ved utbygging av nye bustadar må dette ha høgt fokus.

Eining Habilitering treng kvalifisert personale for å kunne drive fagleg forsvarleg. Vernepleiar er naudsynt, men er svært vanskeleg å rekruttera. Habilitering legg til rette med gode turnusordningar for å rekruttera arbeidstakarar med god kompetanse. Vernepleiarutdanning er ein prioritert utdanning som eininga legg til rette for at personalet skal kunne gjennomføra. Dette området må prioriterast også framover.

Eining Habilitering har auka søknadsmengde med behov for kommunale tenester. Dette gjeld særskilt auka behov for avlastning, støttekontakt og miljøarbeidstenester til heimebuande. Barn med ADHD er også ei gruppe som har auka behov for tenester. Samordna og betre tilrettelagte bustadar for aktuell gruppe. Nye og fleire bustadar er under planlegging. Målgruppa leiger bustad ved eining Habilitering, der døgnkontinuerlege tenester vert tilbydd.

### Planlagde tiltak for å realisera måla samfunnsdelen til kommuneplanen

Utbygging av aktivitetshus vil vera svært positivt for dei som ikkje har moglegheit for å delta i ordinært eller tilrettelagt arbeid med krav om produksjon.

Når nye bustadar skal byggjast er det viktig med høgt fokus på velferdsteknologi.

Eining Habilitering ynskjer å tilsette fleire vernepleiarar. Ved å tilby praksisplassar ynskjer ein å rekruttere ny-utdanna vernepleiarar til arbeid i Sveio kommune. Det er fortsatt svært vanskeleg å rekruttere kvalifisert personale til ledige stillingar i ordinære turnusar. Eininga har nå i større grad

tatt i bruk langvaktsturnus. Bemanningssenter har gitt fleire fast tilsette ynskt stillingsprosent, samtidig som vikarbruk skal reduserast.

Fagteam Habilitering skal gjennom rettleiing og oppfølging, gi berørte familiar og andre heimebuande auka livskvalitet.

### **Utfordringar**

Mindre refusjon til ressurskrevjande brukar grunna alder, gir økonomisk konsekvens. Utvida behov for miljøteneste og BPA ordning gir økonomiske utfordringar for eininga. Sveio kommune må kunne tilby meir kommunal avlasting. Habilitering har eit stadig auke i søknadar om helse og omsorgstenester. Tenesta treng fleire faglærte innan helse- og omsorg. Budsjettramma gir utfordring med å ivareta lovpålagte oppgåver.



## NAV med flyktningavdeling

### Tenester og oppgaver i avdelinga

NAV skal rettleie brukarar mot arbeid og aktivitet og fremje økonomisk og sosial tryggleik og førebyggje fattigdom, med særleg vekt på barn i låginntektsfamiliar. NAV skal auke livskvaliteten for NAV sine brukarar og førebyggje sosiale problem i kommunen. NAV skal drifte Introduksjonsordninga og Kvalifiseringsprogrammet samt arbeide med integrering av flyktningar. NAV skal saksbehandla og rettleie etter Lov om sosiale tjenester i NAV, Introduksjonslova, NAV lova og Folketrygdlova og nytte Lean-metodikken i arbeidet.

### Mål for eininga for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

NAV skal kildesortere, har sikker print, har elektronisk utsending av post der det let seg gjere. NAV har og vil ta i bruk digitale løysingar for å unngå unødige reiser for brukarar og tilsette samt skal ha hovudfokus på høve til arbeid og aktivitet for NAV sine brukarar. Arbeid og aktivitet er helsefremjande i seg sjølv. NAV skal gjennom råd, rettleiing og ulike tiltak fremje sosial tryggleik og betre levekår for vanskelegstilte. Særleg fokus på førebygging og motarbeiding av barnefattigdom ved å sikre ein økonomisk minstestandard for dei med låg eller inga inntekt. NAV skal bidra til at dei med rusrelaterte problem, får naudsynt rettleiing. NAV skal sikre at alle, med samansette behov, får tilbod om individuell plan. Det skal sikrast ei god integrering av flyktningane.

NAV skal vere ein pådrivar i Lean-arbeidet, både i eige kontor og i region Sunnhordland/Sveio kommune. Dette gjeld særleg når det gjeld å ta i bruk nye og betre digitale løysingar. Dei brukarane, som ønskjer møte på digitale plattformer, skal få dette, så langt det let seg gjere. Dei tilsette skal ha naudsynt kompetanse til å nyttiggjere seg smarte og gode digitale løysingar. Alle tilsette gjennomgår e-læring i informasjonstryggleik ein gang per år.

### Planlagde tiltak for å realisera måla samfunnsdelen til kommuneplanen

NAV skal ha kontinuerleg fokus på arbeid og aktivitet for alle brukarar. Ingen skal gå på passiv yting over tid, utan aktivitetstilbod. Det skal vere stort fokus på unge brukarar og flyktningar. Desse skal inn i arbeidsretta tiltak snarast råd. NAV Sveio driv jobbasar, Jobbkafè og motivasjonsbasar. I desse får kommunen sine unge, under 30 år, og flyktningar og andre prioriterte grupper særst tett oppfølging mot skule/arbeid/aktivitet. NAV skal vere ein pådrivar for tettare tverrfagleg samarbeid samt ha stort fokus på tett og tidleg oppfølging mot integrering og skule/arbeid/aktivitet for flyktningane i kommunen. NAV skal ha eit mål om, til ei kvar tid, å auke arbeidsmarknadskunnskapen hjå dei tilsette og å få til eit endå betre samarbeid med dei ulike einingane i Sveio kommune og lokalt næringsliv. Det er eit mål om å styrke fokus på førebygging og motarbeiding av barnefattigdom. NAV skal vidareutvikla det gode Lean-arbeidet, i jakt på gode løysingar for innbyggjarane.


### Utfordringar

Det er framleis for mange unge som fell ut av vidaregåande skule og arbeidsliv.

Arbeidsmarknaden er i betring. Mange av NAV sine brukarar er vanskelege å formidle til arbeidslivet, sjølv i gode arbeidsmarknads tider. Skal NAV få alle brukarane sine ut i arbeid og aktivitet, er NAV avhengig av godt samarbeid med dei ulike einingane i kommunen og lokalt næringsliv. Høg arbeidsmarknadskompetanse hjå dei tilsette, vil ofte vere avgjerande for å lukkast med å skaffe ledige arbeid.

NAV har dei seinare åra opplevd ei auke i unge med rusproblematikk. Det å finne rette aktivitets-/arbeidstiltak, for NAV sine tyngste brukargrupper, er ei stor utfordring. Vidare er det å få til ein tilpassa aktivitetsplan for kvar einskild brukar utfordrande.

Det er mange personar som har trong for økonomisk- rådgjeving, forvaltning og gjeldsrådgjeving. Talet har vore aukande over tid og Korona-krisa har medført ei forverra utvikling. Dette arbeidet er svært ressurskrevjande. Motarbeiding og førebygging av barnefattigdom er eit satsingsområde over heile landet. NAV, saman med andre i kommunen, må fortsetje å halde fokus på dette viktige området i tida som kjem.





## Kultur

### Tenester og oppgaver i avdelinga

Satsing på kultur, idrett og frivillig arbeid er grunnleggjande for at innbyggjarane skal kunna leva eit aktivt og meningsfullt liv i Sveio. Eit godt tilbod er ein føresetnad for busetnad og trivsel i kommunen. Ei viktig oppgåve for kulturavdelinga er å leggja til rette for aktivitet og oppleving. Ved hjelp av dette ønskjer kommunen å styrkja innbyggjarane si sjølvkjensle og identitet. Kultur er også ein viktig premiss for utvikling av reiseliv og turisme.

Sveio kommune skal leggja til rette for eit rikt kulturliv for innbyggjarane i samarbeid med anna offentleg og privat verksemd samt friviljuge lag og organisasjonar. I arbeidet skal det leggjast vekt på medverknad og involvering samt aktivitetar der profesjonelle kunstnarar åleine eller saman med lokale utøvarar bidreg i kulturprogrammet til kommunen. Arbeidsoppgåver i avdelinga består m.a. av: allment kulturarbeid, Sveio folkebibliotek, Sveio kulturskule, "Den kulturelle skulesekken", «Den kulturelle spaserstokken», Sveio Ungdomsråd, idrett og friluftsliv, Fartein Valen-arbeidet inkludert Fartein Valen Festivalen, drift av Vigdartun i fritidssonen, ulike stønadsordningar, kulturvern og reiseliv.

Med kulturdel og idrettshall i Vigdartun og omliggjande for idrett, har idrett og til dels kultur eit levande senter. Vi ser framleis trong for eit meir reint kulturhus, der kulturskule, bibliotek, kor, korps og andre kulturaktivitetar kunne fått meir optimale tilhøve.

### Mål for eininga for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

Eit overordna mål når det gjeld folkehelse er at det skal vera godt å bu og arbeida i Sveio. Flest mogeleg skal vera fysisk aktive. Barn, unge og eldre skal gis kulturelle opplevingar gjennom kulturskule, bibliotek, «Den kulturelle skulesekken» og «Den kulturelle spaserstokken». Dei unge skal gjevast høve til medverknad gjennom Sveio ungdomsråd.

Synleggjere verdien av lokale kulturminne og kulturmiljø, og bidra til god forvaltning av dei i samarbeid med eigarane. Arbeidet rundt komponisten Fartein Valen oppretthaldast og dei positive erfaringane med Fartein Valen Festivalen må vidareførast. Samarbeid med Haugesund kommune, Hordaland fylkeskommune og FV stiftelsen og Valenheimen Kulturscene må styrkast.

Den digitale kommunen – ein kommune i tida

Biblioteket skal vera ein tenesteytar til alle. Biblioteket skal følgja opp den teknologiske og mediamessige utviklinga.

### Planlagde tiltak for å realisera måla samfunnsdelen til kommuneplanen

Eit godt kulturtilbod er ein føresetnad for busetnad og trivsel i kommunen. Born og unge får gjennom kulturskulen, ungdomsrådet, biblioteket og den kulturelle skulesekken eit breitt kulturtilbod. I tillegg blir frivillige lag og organisasjonar innan idrett og annan aktivitet med tilbod til denne gruppa, prioriterte i støtteordningane. Sveio kommune vil i samarbeid med lag og foreiningar og andre instansar og enkeltpersonar, vera med og gi innbyggjarane eit variert og kvalitativt godt kultur- og fritidstilbod. Aktivitet og identitet er sentrale omgrep. Å ta vare på og utvikla frivillig engasjement som ein viktig ressurs, i samsvar med måla i Frivilligplanen.

Kulturavdelinga arbeider for å synleggjere verdien av lokale kulturminne og kulturmiljø, og auka kunnskapen om korleis dei kan forvaltast, både av det offentlege og private. Det blir arbeidd med å følgja opp tiltaka i handlingsdelen til kulturminneplanen. Planen som heilskap er under rullering. Kommunane i Sunnhordland har fått tilskot på kr 300 000 frå Riksantikvaren til eit samarbeidsprosjekt om kulturmiljø og bygningsvern i regionen. Prosjektet skal gjennomførast i samarbeid med Sunnhordland museum og Vestland fylkeskommune.

Kommunen sine innbyggjarar får tilbod om ei positiv fritid og opplæring i ulike kulturelle uttrykk gjennom undervisning i Sveio kulturskule. Kulturskulen sin identitet ligg i kombinasjonen av opplæring, aktivitet og utøving innan kunstfaga. Tilbodet må soleis utvidast til å omfatte fleire kulturformer. Ein bør finne fram til høvelege samarbeidsformar med aktuelle samarbeidspartar.

Biblioteket vidareutviklar satsing på innan området gjennom oppgradering av inventar og utviding av tilboda. Arbeid for born og unge vil stå i sentrum.

Ungdomsarbeidet på Vigdartun er ein viktig satsing for våre unge. Dette ønskjer vi å prioritere gjennom eit aktivt ungdomsråd og ein ungdomsarbeidar som jobbar tett mot dei unge.

For å oppnå målet om fysisk aktivitet må det vera eit breitt tilbod for å drive idrett og fysisk aktivitet i kommunen. Det er ønskjeleg å prioritere nærmiljøanlegg i alle deler av kommunen og leggja til rette for gode anlegg for uorganisert idrett og leik i tilknytning til skular, buområde og friluftsområde. Vi vil og leggje til rette for turstiar, turmål.

Gjennom arbeidet med Liv og lyst skal Sveio kommune hjelpe til med å stimulere lokalt entreprenørskap og mobilisering i lokalsamfunn på ein systematisk og vedvarande måte og er viktig i arbeidet for å skape attraktive bu- og arbeidsområder.

Sveio kommune arbeider for å vidareutvikla eit berekraftig reiseliv med vekt på hovudattraksjonane Ryvarden, Fartein Valen-heimen og Sveio golfpark, og etablering av Førde og Valestrand som besøksmål. Me skal sikra god og tilgjengeleg informasjon om tilboda i kommunen, og god tilrettelegging for reisande.

Å ta vare på og utvikla frivillig engasjement som ein viktig ressurs i Sveio, i samsvar med måla i Frivilligplanen.

### **Utfordringar**

På Vigdartun har vi idrett, kulturskule, korps, kulturaktivitet og bibliotek. Det ligg stor gevinst i å knytte desse meir saman til eit levande kultursenter. Dette vil styrke samhald, respekt og identitet.

Arbeid med ulike anlegg opptar mykje tid i avdelinga og ein ser at det kan vere ei utfordring å følgje dette opp på eit godt vis.

I biblioteket gir driftsbudsjettet gir lite rom for tiltak, prosjekt og arrangement. For den nye biblioteksjefen vil dette bli eit utfordrande område. Dei midlane som er vil bli prioriterte for barn og unge. For arrangement for vaksne vil biblioteket legge til rette for samarbeid med eksterne aktørar i biblioteklokala der eksterne har økonomisk ansvar.

Kulturskulen har fått på plass ein dansesal kor det og er mogeleg med anna aktivitet. Det blir ei utfordring å fylle rommet med ulike aktivitetar. Korpsrørsla som har vore ein viktig oppdragsgjevar for kulturskulen, slit med rekruttering. Kulturskulen ønskjer å hjelpe til med denne utfordringa. Kulturskulen administrerer «Den kulturelle skulesekken» og vil her arbeide for eit variert tilbod av god kvalitet.

Når det gjeld «Den kulturelle spaserstokken» har vi lagt opp til at vi støtter arrangement andre arrangerar. Her må vi få samarbeidspartnarar meir på banen.

Fartein Valen arbeidet si lokale forankring må utviklast vidare m.a. gjennom samarbeid med Valenheimen kulturscene. Arbeidet har i alle år blitt tilført mykje økonomiske midlar frå stat og fylke, men det er oftast ein føresetnad for tildeling av eksterne midlar at kommunen også bidrar med økonomiske ressursar. Eksterne midlar er meint brukt direkte til konsertproduksjon. På grunn av små rammer er det ikkje alltid det er tilfelle.

Det må vurderast å gje ut kultursoge, som tillegg til gards-og ættesoge, og nytgjeving av bygdebøkene.

På kulturområdet er det høve for å søkja eksterne midlar til delfinansiering av tiltak. Som oftast er det krav om at kommunen stiller med 50% av finansieringa. Lite kapasitet til å søkje og følgje opp samt manglande eigenkapital, kan gjere at kommunen mister gode prosjekt for å følgje med i tida.

Ein vil ha ein gjennomgang på kva som skal vere kulturavdelinga sine primæroppgåve i framtida. I kva retning ønskjer kulturarbeidet i Sveio kommune skal gå?



## Teknisk/næring

### Tenester og oppgaver innan rammeområdet

Rammeområdet omfattar administrasjon, næringsrettleiing, drift- og anleggsavdelinga, plan- og næringsavdelinga. Sjølvkostområda vatn, avløp, slam og renovasjon ligg også til teknisk, men er skilt ut som eit eige rammeområde.

Til området administrasjon ligg oppgaver som eigedomsforvaltning, næringsutvikling, oppfølging av Haugalandspakken, oppfølging av Haugaland brann og redning IKS, oppfølging av Atheno i høve førstelinjetenester næring og breiband.

Hovudarbeidsoppgåver for drift- og anleggsavdelinga er drift, vedlikehald og utbygging av kommunale bygningar og anlegg. Vidare har avdelinga ansvar for vedlikehald og opprusting av kommunale vegar og sykkel-gangstiar, trafikksikring, park og grøntanlegg, utbygging av kommunale bustadfelt og næringsområde, arbeid knytt til miljø og reinhald.

Sentrale arbeidsoppgåver knytt til plan- og næringsavdelinga er planlegging, eigedomsdeling, adressetildeling, byggesaker, registerføring, konsesjonar, akvakultur, utsleppsløyve, dispensasjonar, villtforvaltning, landbruk, veterinærvakt, miljø saker, energi/klima/miljø/vassforvaltning, meklaropplysningar og kommunalt beredskapsarbeid.

### Mål for området for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

- Tilby attraktive bustadområde med trygge og gode oppvekstvilkår
- Legga til rette for næringsutvikling, verdiskapinga og sysselsetjinga i kommunen
- Halda eit korrekt nivå på vedlikehald av bygg, vegar, anlegg og utstyr
- Ha effektiv sakshandsaming av god kvalitet
- Vedlikehalde og vidareutvikle digitalt kartverket og planarkiv
- Redusere klimagassutslepp, redusere klimaproblemene og ta vare på natur og miljø.
- Ha fokus på HMS og vidareutvikle eit godt arbeidsmiljø

### Planlagde tiltak for å realisera måla samfunnsdelen til kommuneplanen

- Oppfølging av investeringar som er under realisering/planlagt i bygg, vegar, anlegg og utstyr. Døme på investeringar kan være badeanlegg, idrettshall, nye brannstasjonar, aktivitetssenter, ny kommunal barnehage og klargjering av bustad/næringsområde
- Arbeid med kommunedelplan for Sveio sentrum, områdeplan Vikingland, reguleringsplanar og revidering av kommuneplan
- Vidare arbeid med å realisera næringsplan
- Vidare arbeid med avvik- og kvalitetssystemet
- Gjennomføre ulike klimatiltak (solceller, bytte til meir effektive varmekilder, styringsystem, nullutslepp kjøretøy, etterisolering, klimabudsjett m.v)
- Vidareutvikla digitalt planarkiv
- Heva kvaliteten på eigedomskartverket og andre kartdata
- Gjera kartdata betre tilgjengeleg for innbyggjarane
- Gjennomføre tilsyn etter plan og bygningsloven og forureiningsforskrifta
- Analysera arbeidsprosessar og utarbeida rutineskildringar
- Kontinuerleg fokus på forbetningsarbeid

### Utfordringar

Rammeområdet har eit betydeleg volum i pågåande prosjekter eller arbeidskrevjande planar sett opp mot tilgjengeleg bemanning. Volumet gjer at det er utfordring med å halde ønskja framdrift i alle prosjekt/planar.

Det er utfordrande å halda tilstrekkeleg vedlikehald av bygningsmassen og vegar. Løypande avtalar tar større del av budsjettet og som konsekvens har det blitt mindre midlar til verdibevarande vedlikehald og eit auka vedlikehaldsetterslep. Dei seinare åra har vintervedlikehald av vegane medført større utgifter enn budsjettet.



## Vatn, avlaup og renovasjon (VAR)

### Tenester og oppgåver

Drift og anleggsavdelinga har ansvar for oppgåver knytt til vatn, avløp og renovasjon. Vi nyttar Sunnhordaland interkommunale miljøverk til å levere renovasjon og slam tenester.

Hovudoppgåver innan VAR er drift, vedlikehald og utvikling av vatn og avløpsnett, samstundes med forvaltning av kommunal renovasjon og slam. Området finansierast med gebyrbetaling frå tenestemottakarane.

### Mål for området for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

- Tilby innbyggjarane nok vatn, godt vatn og ha ei sikker vassforsyning
- Tilby innbyggjarane avløpsanlegg og syta for effektiv og miljømessig god avløpshandtering
- Tilby innbyggjarar og hyttefolk ei god og miljøvenleg renovasjonsordning
- Driva vatn-, avløp og renovasjonsområdet økonomisk og etter sjølvkostprinsippet
- Ha fokus på HMS og vidareutvikle eit godt arbeidsmiljø

### Planlagde tiltak for å realisera måla samfunnsdelen til kommuneplanen

Det er planlagt å fortsette naudsynt utskifting av eldre vassleidningar. Vidare er vi i gang med å planleggje framtidig hovud- og reservevassforsyning for Sveio og skal i gang med ny hovudplan for avløp. Dei siste åra har overvaking av røyrnettet for vatn blitt forsterka. Dette er ønskjeleg å utvide ytterlegare for å få betre oversyn over bruk og finne lekkasjar.

### Utfordringar

Sveio kommune forvaltar eit stor vann og avløpsnett. Det er viktig å bytta ut tilstrekkeleg med gammalt leidningsnett som har leidningsbrot og unngå eit for stort etterslep. Arbeidet med å redusere lekkasjar på nettet må intensiverast i åra som kjem.

Volumet av vatn kjøpt frå Haugesund kommune aukar og medfører auke i kostnader til kjøp av vatn. I samband med at avtale med Haugesund kommune går ut i 2021, har vi forlenga avtalen til Sveio kommunen har teke stilling til eit nytt produksjonsanlegg. Her er det starta eit forprosjekt for å kartlegge drikkevasskjelda Furuvatn. Vidare er det viktig å sikre ei god reservevassforsyning på lang sikt.



Foto: Ida Kristin Vollum

## Politisk

### Tenester og oppgaver i avdelinga

2022 – Budsjettår utan val

2023 – Kommunestyre og fylkestingval

2024 - Budsjettår utan val

Politisk området gjennomfører borgarleg vigsel og delar ut verdibrev til alle elevar som går ut av grunnskulen

### Mål for eininga for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

- Førebu saker og gjennomføre møter for
- Kommunestyre - 25 medlemmer F
- Formannskap – 7 medlemmer
- Hovudutval oppvekst/kultur – 7 medlemmer
- Hovudutval teknisk/næring – 7 medlemmer
- Hovudutval helse/sosial – 7 medlemmer
- Eldreråd – 5 medlemmer
- Råd for funksjonshemma – 4 medlemmer
- Partsamansett utval – 10 medlemmer
- Sakkyndig takstnemnd - 3 medlemmer
- Sakkyndig ankenemnd - 3 medlemmer
- Andre møter og utval etter behov
- Klimapanel

### Planlagde tiltak for å realisera måla til samfunnsdelen til kommuneplanen

- Vidareutvikle kommunen som "ein god kommune å bu i"
- Gjennomføre budsjettmøter
- Delta i ulike prosessar, både regionalt og i eigen kommune.
- Tilrettelegge for aktivitet i kommunen, til dømes markand på Sveio torget.

### Utfordringar

- Oppretthalde gode tenester og sikre at Sveio kommune er ein attraktiv kommune
- Komme i mål med planlagde tiltak



Foto: Ellen Tveit

## Sentraladministrasjon

Sentraladministrasjonen består av følgjande einingar: offentleg servicekontor, IKT, økonomikontoret m/ skatt, eigedomsskattekontoret, løn- og personalkontoret, lærlingar og rådmann.

### Tenester og oppgåver i avdelinga

Offentleg servicekontor (OSK) driv kommunen sin resepsjon/sentralbord og står for posthandtering og arkivtenester. OSK handsamar saker innan startlån, bustadtilskot og ulike løyver (parkering, sal, servering, skjenking). Servicekontoret administrerer utleige av kommunale bustader og sal av kommunale tomter. Planlegging og gjennomføring av kommune- og stortingsval ligg også til OSK.

IKT avdelinga leverer data- og kommunikasjonstenester til kommunale einingar, samarbeidspartnare og innbyggjarar. Tenestespekteret er omfattande og varierer innan dei ulike fagområda som omsorg, skule, kultur, teknisk og administrasjon. Den teknologiske utviklinga dei siste åra har vært formidabel. Dette gjev nye muligheiter til utvikling. Samstundes aukar kompleksiteten og krava til tilgjenge av løysningane.

Økonomikontoret gir leiinga, politikarane og einingane i kommunen mest mogleg korrekte budsjett-, rekneskaps- og KOSTRA - tal, som grunnlag for økonomisk planlegging og styring. Avdelinga gjer råd og rettleiing til dei ulike einingane innanfor områder der den har spiss-kompetanse.

Økonomikontoret fører og avsluttar rekneskapsen for alle deler av kommunen, samt Kyrkjeleg Fellesråd, 2 sokn, eit kommunalt føretak og to legat. Avdelinga handsamar innkomande fakturaer, fakturerer og krev inn kommunale krav. Økonomikontoret har også ansvar for lønnsutbetaling til alle tilsette i kommunen, Sveio kyrkelege fellesråd samt Ryvarden Kulturfyr KF og krev inn refusjon frå NAV og andre.

Personalkontoret gjer støtte til einingane i personalspørsmål og har spiss-kompetanse innan sentralt lov- og avtaleverk. Dei gir og råd og rettleiing og driv sakshandsaming i høve dei ulike pensjons-ordningane for dei tilsette. Kontoret har ansvar for verne- og HMS arbeidet i kommunen og samarbeider med bedriftshelsetenesta og IA-rådgivar. Kontoret har ei viktig og tidkrevjande rolle i samband med tilsetjingar og deltar i dei vanskeleg personal- og AKAN-sakene. Dei samarbeider med fagorganisasjonane i spørsmål som gjeld dei tilsette og har ansvar for og arbeidet med dei lokale forhandlingane. Personalkontoret deltar i eit interkommunalt rekruttering-/omdømmeprosjekt og i ulike andre nettverk. Kontoret har ei sentral og koordinerande rolle i samband med lærlingar.

### Mål for eininga for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

Eit av fokusområda i kommuneplanens samfunnsdel er klimatrusselen. Rammeområde sentraladministrasjon kan gjere sitt for bidra til å redusera trusselen. Fleire av tenesteområda nyttar papir i sin tenesteproduksjon. Redusert bruk av papir vil vera positivt for miljø og klima (produksjon, avfall og transport). Området har hatt fokus på redusert bruk av papir dei seinaste åra. Ein har mellom anna jobba aktivt for å gjere det enkelt for ibuarane å nytta e-faktura i staden for papirfaktura. Vidare har ein så langt det lar seg gjere gått over frå rekneskapsbilag på papir til digitale bilag. Personalavdelinga arbeidar med overgang frå papirarkiv til heildigitalt arkiv. Servicekontoret har teke i bruk tenesta SvarUt som redusera bruk og sending av papir. Det vil vera eit mål for rammeområde Sentraladministrasjon å redusera bruken av papir ytterlegare

Eit anna fokusområde er digitalisering. Ein digital kommune vil kunne gje ibuarane betre tenester og gjere kommunen i stand til å produsera sine tenester på ein meir effektiv måte. Sveio kommune har hatt sterkt fokus på digitalisering dei seinaste åra, dette gjeld også einingane i Sentraladministrasjonen. Økonomiavdelinga har tatt i bruk ulike modular for å automatisera prosessar som tidlegare blei gjort manuelt (utbetalingar, innkjøp mm). Personalkontoret har tatt i bruk elektroniske reiserekningar og modul for å handtera lønsoppgjær. ITK-avdelinga er sentral i alt arbeid med digitalisering i kommunen.



Som alle kommunar vert også Sveio påverka av dei demografiske endringane i åra som kjem. I følgje SSB kan kommunen mellom anna venta auke i tal ibuarar komande år. Dette vil gjere det nødvendig for kommunen å levera meir tenester til ibuarane, noko som også vil krevje auka tenesteproduksjon for einingane i Sentraladministrasjonen.

### **Planlagde tiltak for å realisera måla samfunnsdelen til kommuneplanen**

For å redusera papirbruken innafor området skal økonomikontoret redusera den delen fakturaer som sendast som papir. I første omgang skal dette skje ved å ta i bruk ekstern fakturadistribusjon, slik at fakturaer ikkje sendast på papir før ein har sjekka andre distribusjonsmåtar (E-faktura, Vipps, eller Digital post). Personalkontoret skal arbeide vidare med overgang til digitalt arkiv, til erstatning for arkiv på papir. IKT skal bidra til at einingar i kommunen kan innføra system som redusera papirbruken i kommunen og følgje opp printerbruken i kommunen.

Einingane innafor Sentraladministrasjon vil ha fortsatt fokus på digitalisering for å betre tenestene til interne og eksterne (ibuarar) og for å kunne levera tenester enda meir effektivt i dag. Det vurderast å implementere tenesta MinSide slik at ibuarane sjølv mellom anna kan følgje sine søknadar og be om betalingsutsetting mv.. IKT skal støtte einingane ved innføring av ulike digitale løysingar.

Auka tenesteproduksjon frå einingane i Sentraladministrasjonen komande år krev anten auka bruk av ressursar eller meir effektiv tenesteproduksjon. Sentraladministrasjonen skal arbeida aktivt med forbetningsarbeid for å greie mest mogleg av auka tenesteproduksjon utan å nytta meir ressursar.

### **Utfordringar**

Det kan vera utfordrande å halde på kompetanse og sørgje for kompetanseheving og kompetanseoverføring blant dei tilsette. Tilsette må vera oppdaterte på gjeldande lovar og anna regelverk frå sentrale styresmakter. Rammeområdet må søkje å oppretthalda servicenivået til tilsette og leiarar i Sveio kommune. For å vera robuste må ein ha gode og oppdaterte rutinebeskrivingar. Rammeområdet må sikra nødvendig IKT-kompetanse hos brukarane, og oppdatert kompetanse ved IKT-kontoret.



Foto: Ida Kristin Vollum

## Sveio kyrkjeleg fellesråd

### Tenester og oppgåver

Sveio Kyrkjelege Fellesråd er ein sjølvstendig organisasjon der om lag 2/3 deler av verksemda er finansiert via kommunalt tilskot. Frå 2021 er dette med heimel i Lov om tros- og livsynssamfunn § 14. Fellesrådet har ansvar for 5 kyrkjer og kapell samt 12 gravplassar. Fellesrådet er ein liten organisasjon med 8 tilsette fordelt på 5,7 årsverk.

Kyrkja i Sveio har som sitt overordna mål at «Menneske i alle aldrar og livssituasjonar, kvinner og menn, barn og unge, skal kunne oppleve at dei høyrer til i Kyrkja og bli respekterte der, slik at alle kan ta del i det lokale kyrkjelivet». Samtidig utfører Fellesrådet oppdrag på vegne av kommunen på gravplassområdet. Vårt oppdrag kan uansett knytast opp mot samfunnsdelen av kommuneplanen.

### Mål for eininga for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen:

#### Samfunnsdelen av kommuneplanen peike på 5 fokusområder:

For Fellesrådet sin del er det to hovudområder som peikar seg ut innanfor «**klima miljø og energi**». Energiforbruket til oppvarming av kyrkjebygg er høgt. Skal ein redusera dette er det behov for å auka oppvarmingskapasiteten, først og fremst i Sveio kyrkja og Valestrand kyrkja. Dette saman med betre styringssystem vil kunne føre til redusert energiforbruk.

Klimaendringar gjer det enda viktigare å sikra bygg og gravplassar mot nedbør og inntrenging av fuktighet. Skalsikring er viktig. Nyleg er det oppdaga lekkasje i taket på Sveio kyrkja. Det må utgreiast vidare kva som må gjerast og når dette kan utførast. Det vil vera kontinuerlige behov for vedlikehald og utbetringar på dei fem kyrkjebygga våre, også for å møte dei auka klimautfordringane.

Omtrent 80% av innbyggjarane i Sveio er medlem i Den norske kyrkja. Det betyr at kyrkja er innvevd i dei fleste av sveibuen sine liv gjennom t.d. dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd. Men og gjennom gudstenester, babysong, 4-årsbok, Lys våken, klubb, leiarkurs osv. Barnekora og samarbeidspartnarar i musikkliv elles; korps, kor, Fartein Valen arbeidet etc. samt konsertar og andre kulturopplevingar i våre bygg er og med på å realisera dette målet om at – **«det skal vera godt å bu og arbeida i Sveio»**

Alle innbyggjarar har rett på grav i Sveio. Me kan seia det slik at det ikkje berre er snakk om at det skal vera godt å bu, men og at det skal vera «godt å leva igjen» for dei som har mista nokon av sine. Det er derfor viktig at det er tilstrekkeleg plass på gravplassane og ikkje minst er det viktig med godt vedlikehald av dei 12 gravplassane.

Fellesrådet er ein liten organisasjon som er heilt avhengig av samarbeid med og kompetanse frå andre for å møte **digitaliseringsutfordringane**. Samarbeid med kommune og eksterne leverandørar kan ikkje løysa alt. Me må utføra oppgåver sjølv - og har gjort det i form av overføring av gudstenester mv. Det må fortsatt jobbast målretta med å ha digitale løysingar som har tilstrekkeleg kvalitet og er brukarvennlige.

Kyrkja har avtalar med kommunen om å nytta kyrkjer og soknehus i samband med **samfunnstryggleik og beredskap og handtering av kriser** mv. Kyrkja er ofte sentral når kriser oppstår.

**Dei demografiske endringane** vil føra til at folketalet i Sveio vil stiga framover i dei aller fleste aldersgruppene. I 2040 vil me sannsynlegvis ha omlag 40% fleire innbyggjarar over 80 år. Dette vil gje oss fleire utfordringar når me anslagsvis får 30-50% auke i gravferder pr. år. Gode gravkart og god oversikt over ledige graver mv vil vera viktig her. Me vil og verta utfordra i forhold til kva me kan

gjera for desse aldersgruppene, samt korleis me kan mobilisera til frivillig innsats i ulike aldersgrupper.

**Fellesrådet har samanfatta våre behov til auke i driftstilskot til vedlikehald av gravplassar samt auke i administrativ ressurs. Vedlikehald i form av maling og investeringar i enøk og brannsikring samt skalsikring er nødvendig for at me skal nå våre mål innanfor fokusområda.**



Foto: Ida Kristin Vollum

## Fordeling mellom rammeområda

I fylgjande del vil ein sjå på korleis kommunen prioriterer mellom dei ulike rammeområda og korleis denne utviklinga har vore. Rammefordelinga er gitt i budsjettskjema fordeling drift. Budsjettskjema fordeling drift byggjer på budsjettskjema bevilgningsoversyn som er rådmannens forslag til fordeling av midlane som er til disposisjon. Desse tabellane vil vere å finne under Økonomiplan 2022 – 2025 – drift som kjem under. Kommentaranane til budsjettskjema fordeling drift, frå dei ulike einingane er over i dokumentet under overskrifta Kommenterarar frå organisasjonen.

| <b>Fordeling drift</b>   | <b>Regnskap 2020</b> | <b>Budsjett 2021</b> | <b>Budsjett 2022</b> | <b>Budsjett 2023</b> | <b>Budsjett 2024</b> | <b>Budsjett 2025</b> |
|--|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|
| <b>Til fordeling drift</b>                                     |                      |                      |                      |                      |                      |                      |
| 9 Politisk   | 5 001 300            | 5 270 000            | 5 530 000            | 5 740 000            | 5 390 000            | 5 670 000            |
| 10 Sentraladministrasjon                                       | 23 308 695           | 23 570 000           | 24 730 000           | 24 920 000           | 24 610 000           | 24 610 000           |
| 11 Tilleggsøyvingar  | 0                    | 5 480 000            | 5 630 000            | 5 560 000            | 5 490 000            | 5 490 000            |
| 12 Oppvekst - Skule  | 96 354 871           | 96 540 000           | 98 120 000           | 96 880 000           | 95 640 000           | 95 640 000           |
| 14 Tekniske tjenester  | 18 325 029           | 17 370 000           | 18 540 000           | 18 300 000           | 17 560 000           | 17 560 000           |
| 15 Kultur  | 8 106 512            | 8 285 000            | 8 350 000            | 8 240 000            | 8 130 000            | 10 130 000           |
| 16 Kyrkja  | 4 130 000            | 4 190 000            | 4 250 000            | 4 200 000            | 4 150 000            | 4 150 000            |
| 17 Oppvekst - Barnehage  | 24 422 078           | 24 720 000           | 24 870 000           | 24 550 000           | 24 230 000           | 24 230 000           |
| 18 VAR - vann, avløp og renovasjon                             | -5 874 063           | -6 400 000           | -5 740 000           | -5 740 000           | -5 740 000           | -5 740 000           |
| 19 Finans  | 28 939 047           | 33 772 798           | 30 950 000           | 30 950 000           | 30 950 000           | 30 950 000           |
| 22 Ryvarden Kulturfyr KF                                       | 573 757              | 560 000              | 520 000              | 470 000              | 420 000              | 380 000              |
| 30 Helseavdeling med fellestenester                            | 28 038 908           | 27 080 000           | 28 330 000           | 27 970 000           | 27 610 000           | 27 610 000           |
| 31 Pleie og omsorg   | 60 923 101           | 54 730 000           | 57 600 000           | 56 870 000           | 56 140 000           | 56 140 000           |
| 32 NAV med flyktningarbeid                                     | 13 402 732           | 11 480 000           | 9 590 000            | 9 470 000            | 9 350 000            | 9 350 000            |
| 33 Barnevern   | 14 021 245           | 13 480 000           | 14 690 000           | 14 500 000           | 14 310 000           | 14 310 000           |
| 34 Rehabilitering  | 35 659 123           | 32 050 000           | 37 710 000           | 37 230 000           | 36 750 000           | 36 750 000           |
| <b>Fordelt drift</b>   | <b>355 332 335</b>   | <b>352 177 798</b>   | <b>363 670 000</b>   | <b>360 110 000</b>   | <b>354 990 000</b>   | <b>357 230 000</b>   |
| <b>Korreksjon netto avsetningar eller bruk av fond i drift</b> | <b>637 294</b>       | <b>1 548 630</b>     | <b>470 000</b>       | <b>0</b>             | <b>0</b>             | <b>0</b>             |
| <b>Korrigert til fordeling</b>                                 | <b>355 969 629</b>   | <b>353 726 428</b>   | <b>364 140 000</b>   | <b>360 110 000</b>   | <b>354 990 000</b>   | <b>357 230 000</b>   |


### Dei einskilde rammeområda

I tabellane og teksten nedanfor er utviklinga for dei ulike rammeområda synleggjort. Grafane visar utvikling i netto driftsutgifter per innbyggjar, eller per relevant gruppe innbyggjar, til eit bestemt føremål. Netto driftsutgifter er den delen av utgiftene til føremålet som er finansiert direkte av kommunen sjølv. Tala er i hovudsak basert på KOSTRA-rapporteringa av rekneskapstal for 2020, og er henta frå analyseverktøyet Framsikt. Det visast også til Framsikt sin innsparingsanalyse. Denne korrigerer utgiftene for berekna utgiftsnivå, men tar ikkje omsyn til inntektsnivået til kommunane. Det er viktig å vera klar over at det kan vera feil i rapporteringa.

For Sveio kommune er det naturleg å i hovudsak samanlikna seg med gjennomsnittet av kommunane i kommunegruppe 1. Denne gruppa består av kommunar med 2 000 - 9 999 innbyggjarar, låge bundne kostnader, og låge frie disponible inntekter per innbyggjar. I følge Kommunal- og moderniseringsdepartementet har Sveio kommune Korrigerte frie inntekter på 94 % av landet. Det er då korrigert for inntekter frå eigedomsskatt, konsesjonskraft og havbruksfond.


## Utgiftsbehov 2020

Berekna utgiftsbehov 2021 i prosent av landsgjennomsnittet



Berekna utgiftsbehov er ei berekning av kor mykje midlar kommunane treng for å gje eit tilbod på linje med landsgjennomsnittet til ulike tenester. Det er denne berekninga som leggst til grunn ved økonomisk kompensasjon for kommunanes utgifter til bestemte føremål. Sveio kommune har høgare berekna utgiftsbehov til skule, barnehage, kommunehelse og administrasjon o.l. enn gjennomsnittet i landet. Utgiftsbehovet til pleie og omsorg, barnevern og sosiale tenester er berekna til lågare enn landet.

## Ressursbruk




Grafen over visar kor mykje ressursar Sveio kommune nytta til dei ulike tenestene i prosent av netto driftsutgifter i forhold til gjennomsnittet av kommunane i landet, korrigert for berekna utgiftsbehov.

Sveio kommune nyttar mindre ressursar enn gjennomsnittet i landet til mest alle tenester. I følge analyseverktøyet Framsikt nyttar Sveio kommune i gjennomsnitt 4,8 % mindre til dei ulike tenestene enn gjennomsnittet i landet. Einaste tenestene kommune ligg over landsgjennomsnittet på er utgifter til barnevern og barnehage.

## Grunnskule

Netto driftsutgifter til grunnskulesektor per innbyggjar 6-15 år justert for inflasjon.




|                  | 2017    | 2018    | 2019    | 2020    |
|------------------|---------|---------|---------|---------|
| Sveio            | 114 171 | 116 911 | 117 551 | 118 762 |
| Kostragruppe 01  | 122 262 | 123 729 | 125 059 | 123 805 |
| Vestland         | 121 197 | 122 993 | 125 009 | 122 777 |
| Landet uten Oslo | 116 377 | 118 023 | 119 187 | 117 307 |

I 2020 nytta Sveio kommune kr 118 762,- per innbyggjar 6-15 år til grunnskulesektoren i følgje KOSTRA 20120. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 123 805,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar 6-15 år som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til skuleområdet enda om lag 4,3 millionar høgare i 2020. Tala visar at netto driftsutgifter per innbyggjar 6-15 år i Sveio har gått opp med kr 4 591,- frå 2017 til 2020. Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått opp med kr 1 543,- per innbyggjar 6-15 år i den same perioden.

I følgje analyseverktøyet Framsikt nyttar Sveio kommune 4,4 % mindre på denne tenesta enn gjennomsnittet i landet. Sveio kommune nyttar samla om lag 4,6 millionar kroner mindre på grunnskule enn gjennomsnittet landet, og om lag 0,5 millionar kroner meir i forhold til gjennomsnittet i kommunen. I følgje Framsikt nyttar kommunen om lag 2,4 millionar kroner meir enn andre kommunar på skyss og om lag 3,2 millionar kroner mindre enn andre kommunar på skulelokal. Til sjølve skuledrifta nyttar Sveio kommune om lag 1,1 millionar kroner mindre enn landet. Om ein legg til grunn Sveio kommunes gjennomsnittlege utgifter til alle områder i forhold til landet, nyttar kommunen om lag 2,9 millionar kroner meir til denne tenesta enn det ein i gjennomsnittet brukar på alle tenestene i kommunen.

## Barnehage

Netto driftsutgifter til barnehagar per innbyggjar 1-5 år justert for inflasjon.




|                  | 2017    | 2018    | 2019    | 2020    |
|------------------|---------|---------|---------|---------|
| Sveio            | 159 359 | 165 049 | 162 359 | 178 189 |
| Kostragruppe 01  | 152 934 | 160 273 | 163 390 | 166 432 |
| Vestland         | 156 852 | 163 405 | 166 078 | 172 043 |
| Landet uten Oslo | 155 579 | 160 986 | 165 794 | 168 389 |

I 2020 nytta Sveio kommune kr 178 189,- per innbyggjar 1-5 år til barnehageområdet. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 166 432,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar 1-5 år som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til barnehageområdet blitt om lag 4,2 millionar lågare i 2020. Tala visar at netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i Sveio har auka med kr 18 830,- frå 2017 til 2020. Gjennomsnittet i kommunegruppa har auka med kr 14 038 per innbyggjar 1-5 år i den same perioden.

I følgje analyseverktøyet Framsikt nyttar Sveio kommune 9,5 % meir på denne tenesta enn gjennomsnittet i landet. Sveio kommune nyttar samla om lag 6,0 millionar kroner meir på barnehage enn gjennomsnittet i landet, og om lag 9,1 millionar kroner meir i forhold til gjennomsnittet i kommunen. I følgje Framsikt nyttar kommunen om lag 5,3 millionar kroner meir enn andre kommunar på førskule og om lag 2,9 millionar kroner meir til Styrka tilbod til førskuleborn. Kommunen nyttar om lag 2,1 millionar kroner mindre enn andre kommunar på skyss og førskulelokale.

## Barnevern

Netto driftsutgifter barnevern per innbyggjar 0-17 år justert for inflasjon.



|                  | 2017   | 2018   | 2019   | 2020   |
|------------------|--------|--------|--------|--------|
| Sveio            | 6 055  | 7 139  | 7 798  | 9 866  |
| Kostragruppe 01  | 10 692 | 10 648 | 10 396 | 10 040 |
| Vestland         | 10 541 | 11 106 | 11 104 | 10 677 |
| Landet uten Oslo | 11 201 | 11 342 | 11 054 | 10 432 |

I 2020 nytta Sveio kommune kr 9 866,- per innbyggjar 0-17 år til barnevern. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 10 432,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar 0-17 år som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til barnevern blitt om lag 0,2 millionar høgare i 2020. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år har gått opp med kr 3 811,- frå 2017 til 2020, noko som gjer ein auke på 63 % i perioden. Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått ned med kr 652,- per innbyggjar 0-17 år i den same perioden, det utgjør ein nedgang på 6,1 %.


I følgje analyseverktøyet Framsikt nyttar Sveio kommune 26,8 % meir på denne tenesta enn gjennomsnittet i landet. Sveio kommune nyttar samla om lag 3,7 millionar kroner meir på barnevern enn gjennomsnittet i landet, og om lag 4,4 millionar kroner meir i forhold til gjennomsnittet i kommunen. I følgje Framsikt nyttar kommunen om lag 3,4 millionar kroner meir enn andre kommunar på barnevernstiltak når born er plassert av barnevernet og om lag 0,7 millionar kroner mindre på barnevernstiltak når born ikkje er plassert av barnevernet. Kommunen nyttar om lag 1,0 millionar kroner meir enn andre kommunar når det gjeld sjølve drifta av barnevernskontoret.



## Pleie og omsorg

Område pleie og omsorg gjeld tenestene som i Sveio kommune leverast frå rammeområda Pleie og omsorg, Habilitering og delvis Helseavdeling med fellestenester.

Netto driftsutgifter pleie og omsorg per innbyggjar justert for inflasjon.




|                  | 2017   | 2018   | 2019   | 2020   |
|------------------|--------|--------|--------|--------|
| Sveio            | 17 337 | 17 719 | 18 631 | 17 630 |
| Kostragruppe 01  | 20 214 | 21 101 | 21 789 | 21 831 |
| Vestland         | 19 270 | 19 961 | 20 622 | 20 193 |
| Landet uten Oslo | 19 213 | 20 015 | 20 539 | 20 369 |

I 2020 nytta Sveio kommune kr 17630,- per innbyggjar til pleie og omsorg. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 21 831,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til pleie og omsorg blitt om lag 24,4 millionar høgare i 2020. Det gjer eit feil bilete å samanlikna Sveio mot kommunegruppa på dette området. Kommunegruppe 1 har eit høgt berekna utgiftsbehov på området. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar i Sveio har gått opp med kr 293,- frå 2017 til 2020. Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått opp med kr 1 617,- per innbyggjar i den same perioden.

I følgje analyseverktøyet Framsikt nyttar Sveio kommune 9,7 % mindre på denne tenesta enn gjennomsnittet i landet. Sveio kommune nyttar samla om lag 10,0 millionar kroner mindre på pleie og omsorg enn gjennomsnittet i landet, og om lag 5,0 millionar kroner mindre i forhold til gjennomsnittet i kommunen. I følgje Framsikt nyttar kommunen om lag 1,4 millionar kroner mindre enn andre kommunar på helse- og omsorgstenester til heimebuande og om lag 3,4 millionar kroner mindre på helse- og omsorgstenester i institusjon. Kommunen nyttar om lag 4,1 millionar kroner mindre enn andre kommunar når det gjeld aktiviserings- og servicetenester.

## Kommnehelse

Netto driftsutgifter kommnehelse per innbyggjar justert for inflasjon.




|                  | 2017  | 2018  | 2019  | 2020  |
|------------------|-------|-------|-------|-------|
| Sveio            | 2 831 | 3 056 | 3 411 | 3 725 |
| Kostragruppe 01  | 2 815 | 2 979 | 3 096 | 3 412 |
| Vestland         | 2 884 | 3 091 | 3 233 | 3 553 |
| Landet uten Oslo | 2 863 | 3 028 | 3 134 | 3 483 |

Korrigert for inflasjon nytta Sveio kommune i 2020 kr 3 725,- per innbyggjar til kommnehelse. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 3 412,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til kommnehelse blitt om lag 1,8 millionar lågare i 2020. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar har auka med kr 894,- frå 2017 til 2020. Gjennomsnittet i kommunegruppa har auka med kr 597,- per innbyggjar i den same perioden.

I følgje analyseverktøyet Framsikt nyttar Sveio kommune 5,6 % mindre på denne tenesta enn gjennomsnittet i landet. Sveio kommune nyttar samla om lag 1,21 millionar kroner mindre på kommnehelse enn gjennomsnittet i landet, og om lag 0,2 millionar kroner mindre i forhold til gjennomsnittet i kommunen. I følgje Framsikt nyttar kommunen om lag 1,1 millionar kroner meir enn andre kommunar på anna førebyggjande helsearbeid og om lag 0,7 millionar kroner mindre på Førebygging, helsestasjons- og skulehelseteneste. Kommunen nyttar om lag 1,7 mindre enn andre kommunar på Diagnose, behandling og re-/habilitering.

## Sosiale tenester

Netto driftsutgifter sosialtenester per innbyggjar justert inflasjon.




|                  | 2017  | 2018  | 2019  | 2020  |
|------------------|-------|-------|-------|-------|
| Sveio            | 2,349 | 2,336 | 1,984 | 1,611 |
| Kostragruppe 01  | 2,087 | 2,104 | 2,123 | 1,967 |
| Vestland         | 2,906 | 3,009 | 3,047 | 3,015 |
| Landet uten Oslo | 2,820 | 2,877 | 2,892 | 2,750 |

Sveio kommune nytta i 2020 kr 1 611,- per innbyggjar til sosiale tenester. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 1 967,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til kommunehelse blitt om lag 2,1 millionar høgare i 2020. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar gjekk ned med kr 738,- frå 2017 til 2020. Gjennomsnittet i kommunegruppa gjekk ned med kr 120,- per innbyggjar i den same perioden.

I følgje analyseverktøyet Framsikt nyttar Sveio kommune 44,3 % mindre på denne tenesta enn gjennomsnittet i landet. Sveio kommune nyttar samla om lag 4,1 millionar kroner mindre på sosiale tenester enn gjennomsnittet i landet, og om lag 3,7 millionar kroner mindre i forhold til gjennomsnittet i kommunen. I følgje Framsikt nyttar kommunen om lag 1,9 millionar kroner mindre enn andre kommunar på tilbod til personar med rusproblem og om lag 2,3 millionar kroner mindre på dei andre tenestene på området.

## Kultur og idrett

Netto driftsutgifter kultur og idrett per innbyggjar justert for inflasjon.




|                  | 2017  | 2018  | 2019  | 2020  |
|------------------|-------|-------|-------|-------|
| Sveio            | 1 852 | 1 887 | 2 081 | 1 980 |
| Kostragruppe 01  | 1 924 | 2 000 | 2 020 | 1 929 |
| Vestland         | 2 356 | 2 436 | 2 577 | 2 674 |
| Landet uten Oslo | 2 404 | 2 468 | 2 590 | 2 529 |

I 2020 nytta Sveio kommune kr 1 980 per innbyggjar til kultursektoren. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 1 929. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til kultursektoren blitt om lag 0,3 millionar lågare i 2020. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar i Sveio har gått opp med kr 128 frå 2017 til 2020. Gjennomsnittet i kommunegruppa har auka med kr 5 per innbyggjar i den same perioden.

I følgje analyseverktøyet Framsikt nyttar Sveio kommune 33,5 % mindre på denne tenesta enn gjennomsnittet i landet. Sveio kommune nyttar samla om lag 3,8 millionar kroner mindre på kultur og idrett enn gjennomsnittet i landet, og om lag 3,3 millionar kroner mindre i forhold til gjennomsnittet i kommunen. I følgje Framsikt nyttar kommunen om lag 1,3 millionar kroner mindre enn andre kommunar på kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg og om lag 0,3 millionar kroner meir på musikk- og kulturskular. Til aktivitetstilbod til barn og unge nytta kommunen i 2020 om lag 0,5 millionar kroner mindre enn andre kommunar. Det er ikkje berekna utgiftsnivå på tenestene innafor dette området, og tala frå Framsikt er difor heller ikkje korrigert for kommunanes utgiftsnivå.

## Kyrka

Netto driftsutgifter kyrkje per innbyggjar justert for inflasjon.



|                  | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|------------------|------|------|------|------|
| Sveio            | 719  | 829  | 722  | 744  |
| Kostragruppe 01  | 737  | 729  | 718  | 722  |
| Vestland         | 725  | 732  | 723  | 728  |
| Landet uten Oslo | 662  | 669  | 654  | 652  |


I 2020 nytta Sveio kommune kr 744,- per innbyggjar til kyrkja, dette inkluderer ikkje stønad til andre trussamfunn. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 722,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til kyrkja blitt om lag 0,1 millionar lågare i 2020. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar har gått opp med kr 25,- frå 2017 til 2020. Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått ned med kr 15,- per innbyggjar i den same perioden.

I følgje analyseverktøyet Framsikt nyttar Sveio kommune 18,0 % meir på denne tenesta enn gjennomsnittet i landet. Sveio kommune nyttar samla om lag 0,8 millionar kroner meir på kyrkja enn gjennomsnittet i landet, og om lag 1,0 millionar kroner meir i forhold til gjennomsnittet i kommunen. I følgje Framsikt nyttar kommunen om lag 0,1 millionar kroner meir enn andre kommunar på gravplassar og krematorier. På direkte stønad til kyrka nytta Sveio kommune om lag 0,7 millionar kroner meir enn andre kommunar. På stønad til andre religiøse føremål nytta Sveio kommune om lag 0,2 millionar kroner mindre enn andre kommunar. Det er ikkje berekna utgiftsnivå på tenestene innafør dette området, og tala frå Framsikt er difor heller ikkje korrigert for kommunanes utgiftsnivå.

Sjølv om Sveio kommunes direkte tilskot til kyrkja er ganske stabilt vil kostnadane til området kunne variera ein del frå år til år grunna kommunes investeringsutgifter til området.

## Plan, kulturminner, natur og nærmiljø

Netto driftsutgifter Plan, kulturminner, natur og nærmiljø per innbyggjar justert for inflasjon




|                  | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|------------------|------|------|------|------|
| Sveio            | 333  | 481  | 788  | 785  |
| Kostragruppe 01  | 700  | 712  | 776  | 664  |
| Vestland         | 672  | 802  | 929  | 965  |
| Landet uten Oslo | 724  | 804  | 841  | 798  |

I 2020 nytta Sveio kommune kr 785,- per innbyggjar til Plan, kulturminner, natur og nærmiljø. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 664,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til Plan, kulturminner, natur og nærmiljø blitt om lag 0,7 millionar lågare i 2020. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar har gått opp med kr 452,- frå 2017 til 2020. Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått ned med kr 36 per innbyggjar i den same perioden.

I følgje analyseverktøyet Framsikt nyttar Sveio kommune 2,9 % mindre på denne tenesta enn gjennomsnittet i landet. Sveio kommune nyttar samla om lag 0,1 millionar kroner mindre på plan, kulturminner, natur og nærmiljø enn gjennomsnittet i landet, og om lag 0,1 millionar kroner meir i forhold til gjennomsnittet i kommunen. I følgje Framsikt nyttar kommunen om lag 0,5 millionar kroner mindre enn andre kommunar på rekreasjon i tettstad og om lag 0,3 millionar kroner mindre på naturforvaltning og friluftsliv. På plansakshandsaming nytta kommunen om lag 0,3 millionar kroner meir enn andre kommunar, og om lag 0,2 millionar kroner meir på kulturminner. På byggesakshandsaming, eigarseksjonering, kart og oppmåling nytta Sveio om lag det same som andre kommunar. Det er ikkje berekna utgiftsnivå på tenestene innafor dette området, og tala frå Framsikt er difor heller ikkje korrigert for kommunanes utgiftsnivå.

## Administrasjon, styring og fellesutgifter

Netto driftsutgifter til administrasjon og styring per innbyggjar justert for inflasjon.




|                  | 2017  | 2018  | 2019  | 2020  |
|------------------|-------|-------|-------|-------|
| Sveio            | 5 377 | 4 815 | 4 709 | 4 561 |
| Kostragruppe 01  | 5 192 | 5 281 | 5 479 | 5 407 |
| Vestland         | 4 524 | 5 075 | 5 304 | 5 163 |
| Landet uten Oslo | 4 791 | 5 085 | 5 262 | 5 018 |

I 2020 nytta Sveio kommune kr 4 561,- per innbyggjar til Administrasjon, styring og fellesutgifter. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 5 407,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til Administrasjon, styring og fellesutgifter blitt om lag 4,9 millionar høgare i 2020. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar har gått ned med kr 816,- frå 2017 til 2020. Gjennomsnittet i kommunegruppa har auka med kr 215,- per innbyggjar i den same perioden.

I følgje analyseverktøyet Framsikt nyttar Sveio kommune 15,3 % mindre på denne tenesta enn gjennomsnittet i landet. Sveio kommune nyttar samla om lag 4,3 millionar kroner mindre på administrasjon, styring og fellesutgifter enn gjennomsnittet i landet, og om lag 2,9 millionar kroner mindre i forhold til gjennomsnittet i kommunen. I følgje Framsikt nyttar kommunen om lag 3,8 millionar kroner mindre enn andre kommunar på administrasjon, om lag 1,6 millionar kroner mindre på administrasjonslokal og om lag 0,9 millionar kroner mindre på tenester utaføre ordinært kommunalt ansvarsområde. På politisk styring nyttar kommunen om lag 2,1 millionar kroner meir enn andre kommunar og på interkommunale samarbeid nyttar kommunen om lag 0,3 millionar kroner meir enn andre kommunar.

## Brann og ulykkesvern

Netto driftsutgifter pr. innbyggjar per innbyggjar justert for inflasjon.



|                  | 2017  | 2018 | 2019  | 2020  |
|------------------|-------|------|-------|-------|
| Sveio            | 1 012 | 990  | 1 061 | 1 090 |
| Kostragruppe 01  | 886   | 944  | 944   | 913   |
| Vestland         | 935   | 954  | 971   | 960   |
| Landet uten Oslo | 889   | 932  | 934   | 894   |

I 2020 nytta Sveio kommune kr 1 090,- per innbyggjar til Brann og ulykkesvern. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 913,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til brann og ulykkesvern blitt om lag 1,0 millionar høgare i 2020. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar i Sveio har auka med kr 78,- frå 2017 til 2020. Gjennomsnittet i kommunegruppa har auka med kr 27,- per innbyggjar i den same perioden.

I følgje analyseverktøyet Framsikt nyttar Sveio kommune 19,8 % meir på denne tenesta enn gjennomsnittet i landet. Sveio kommune nyttar samla om lag 1,3 millionar kroner meir på brann og ulykkesvern enn gjennomsnittet i landet, og om lag 1,6 millionar kroner meir i forhold til gjennomsnittet i kommunen. I følgje Framsikt nyttar kommunen om lag 1,3 millionar kroner meir enn andre kommunar på beredskap mot brannar og andre ulykker og om lag 0,1 millionar kroner mindre enn andre på førebygging av brannar og andre ulykker. Det er ikkje berekna utgiftsnivå på tenestene innafor dette området, og tala frå Framsikt er difor heller ikkje korrigert for kommunanes utgiftsnivå.



# Finans

Tala i denne analysen er utarbeida med grunnlag frå kommunerekneskapen og Statistisk Sentralbyrå. Alle kommunar er pålagt å føre rekneskapen etter KOSTRA-standarden (Kommune-Stat-Rapportering). Ein nyttar KOSTRA som ein reiskap til å evaluera drifta (effektivitet, riktig tenestetilbod, samansetning og kvalitet). KOSTRA gjer det enklare å samanlikne på tvers av ulike kommunar.

Tala frå Sveio kommune samanliknast her mellom anna med tal frå Kommunegruppe 11. Kommunane som ligg i kommunegruppe 11 er definert som middels store kommunar med middels bundne kostnader per innbyggjar og middels frie disponible inntekter. Det er kommunerekneskapa frå 2013 som er lagt til grunn for denne grupperinga.


Etter ny kommunelov er alle kommunar plikta til å vedta økonomiske måltal (§ 14-2 c). Under følgjer rådmannens forslag til måltal for Sveio kommune.

## Netto driftsresultat

Netto driftsresultatet seier noko om kor stor skilnad det er mellom utgiftene og inntektene. Nærare bestemt viser det årets driftsoverskot etter at renter og avdrag er betalt. Netto driftsresultat gir eit uttrykk for kva kommunen har til disposisjon til avsetningar og investeringar. I følgje Teknisk beregningsutvalg (TB) bør netto driftsresultat vera på minst 1,75 % av brutto driftsinntekter.

Sveio har betydeleg lågare inntekter enn ein gjennomsnittskommune (ca 94 %). Kommunen har hatt relativt gode resultat dei seinare åra, noko som i stor grad skyldast enkelthendingar. Etter rådmannens vurdering gjer desse to forholda at Sveio kommune kan ha lågare målsetting enn tilrådd av Teknisk beregningsutvalg på mellomlang sikt. Sveio kommune har vedteke å ha eit netto driftsresultat på 1,25 % av brutto driftsinntekter.

## Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter



|                  | 2017  | 2018  | 2019  | 2020  |
|------------------|-------|-------|-------|-------|
| Sveio            | 5,3 % | 5,4 % | 1,6 % | 2,1 % |
| Kostragruppe 01  | 2,7 % | 1,2 % | 0,3 % | 0,9 % |
| Vestland         | 4,3 % | 3,1 % | 1,6 % | 2,0 % |
| Landet uten Oslo | 3,7 % | 2,2 % | 1,5 % | 2,5 % |


Ein ser at resultatet til Sveio kommune i stor grad svingar i takt med dei ein samanliknar seg med. I 2020 hadde Sveio kommune eit betre driftsresultat enn det som er anbefalt av Teknisk beregningsutvalg, og høgare enn vedteke måltal. Rådmannens framlegg til budsjett for 2022 legg opp til eit netto driftsresultat på 1,1 % av brutto driftsinntekter. Sveio kommune har vedteke at inntektene frå Havbruksfondet skal haldast utaføre kommunens driftsresultat. Om ein korrigerer

driftsresultatet for budsjetterte inntekter frå Havbruksfondet budsjettera Sveio kommune med underskot i 2022. Det må arbeidast for å få korrigert driftsresultat opp til målsettinga på 1,25 %.

## Netto lånegjeld

Netto lånegjeld er kommunens gjeld minus utlån til andre og ubrukte lånemidlar. Sveio kommune har i dag netto lånegjeld på om lag 70 % av brutto driftsinntekter. Etter rådmannens vurdering må det vera eit mål for Sveio kommune å i liten gra auka netto lånegjeld utover dagens nivå. Sveio kommune har vedteke som mål at netto lånegjeld ikkje skal vera høgare enn 80 % av brutto driftsinntekter.

## Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter




|                  | 2017   | 2018   | 2019   | 2020   |
|------------------|--------|--------|--------|--------|
| Sveio            | 57,1 % | 59,7 % | 70,2 % | 69,7 % |
| Kostragruppe 01  | 88,7 % | 91,0 % | 94,3 % | 97,6 % |
| Vestland         | 80,1 % | 82,0 % | 85,0 % | 87,5 % |
| Landet uten Oslo | 84,5 % | 87,5 % | 91,2 % | 96,1 % |

Sveio si netto lånegjeld i prosent av driftsinntektene er lågare enn sine samanliknings-kommunar. Ei årsak til dette er at kommunen har om lag 108 millionar kroner i unytta lånemidlar, som med tida vil bli nytte til allereie vedtekte investeringsprosjekt. Ein del av brutto lånegjeld blir og låna ut til Haugaland kraft og blir dermed trekt frå ved berekning av netto lånegjeld. Tar ein omsyn til kommunens unytta lånemidlar og netto planlagde investeringar i 2022 vil Sveio kommune ha ei netto lånegjeld på 85 % av brutto inntekter. Det er ikkje realistisk at Sveio kommune greier å nytta all unytta lånegjeld i løpet av 2022. Med planlagde store investeringar også etter 2022 vil gjelda vokse enda meir.

## Renteeksponert gjeld

I tillegg til gjeld har kommunen også bankinnskot og andre pengeplasseringar. Kommunen har også vidarelånt midlar i form av startlån og lån til Haugaland Kraft AS. Dette er midlar som vil gje høgare avkastning ved høgare rente, og som til ein vis grad vil motverka høgare renteutgifter på gjelda. I tillegg har kommunen investeringar innanfor sjølvkostområda, kor ei eventuell renteauke vil bli dekkja av kommunens gebyrinntekter. Renteeksponert gjeld er den restgjelda som vil bli påverka av ei renteending.

## Netto renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter




|                  | 2017   | 2018   | 2019   | 2020   |
|------------------|--------|--------|--------|--------|
| Sveio            | 11,1 % | 9,3 %  | 18,7 % | 21,5 % |
| Kostragruppe 01  | 31,8 % | 39,7 % | 42,6 % | 58,2 % |
| Vestland         |        |        |        | 45,6 % |
| Landet uten Oslo | 40,1 % | 42,2 % | 48,3 % | 51,2 % |

Som ein ser av tala over så har Sveio kommune låg renteesponert gjeld i forhold til driftsinntektene når ein samanliknar med andre kommunar. Dette skyldast i stor grad at kommunens bankinnskott er stort grunna mykje unytta lånemidlar og til dels stort disposisjonsfond. Utifrå Sveio kommunes økonomiske føresetnadar bør kommunen ha klart lågare renteesponert gjeld enn andre kommunar i landet. Sveio kommune har vedteke som mål å ha netto renteesponert gjeld som er lågare en 35 % av driftsinntektene. Med renteesponert gjeld på 21,5 % av driftsinntektene er Sveio kommune per i dag klart innafor dette målet.

## Disposisjonsfond

Disposisjonsfond er oppsparte midlar som fritt kan nyttast til finansiering av drifts- eller investeringsutgifter. Utifrå Sveio kommunes økonomiske føresetnadar bør kommunen ikkje ha særleg lågare disposisjonsfond enn ein gjennomsnittskommune. Sveio kommune har som mål å ha disposisjonsfond på minst 10 % av driftsinntektene.

## Disposisjonsfond i prosent av driftsinntektene



|                  | 2017   | 2018   | 2019   | 2020   |
|------------------|--------|--------|--------|--------|
| Sveio            | 18,1 % | 18,1 % | 19,5 % | 19,0 % |
| Kostragruppe 01  | 8,0 %  | 8,7 %  | 8,7 %  | 9,6 %  |
| Vestland         | 8,4 %  | 9,6 %  | 9,2 %  | 10,3 % |
| Landet uten Oslo | 10,0 % | 11,1 % | 11,0 % | 11,9 % |

Dei seinare års relativt gode økonomiske resultat har gjort at Sveio kommune har stort disposisjonsfond i forhold til andre kommunar. I 2020 utgjorde disposisjonsfondet 19,0 % av kommunens driftsinntekter, noko som er godt over målet om disposisjonsfond på over 10 % av driftsinntektene.

# Økonomiplan 2022-2025 – drift

## Budsjettskjema drift

| <b>Økonomisk oversikt drift</b>                            | <b>Regnskap 2020</b> | <b>Budsjett 2021</b> | <b>Budsjett 2022</b> | <b>Budsjett 2023</b> | <b>Budsjett 2024</b> | <b>Budsjett 2025</b> |
|--|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|
| 1 Rammetilskudd  | 204 085 786          | 202 200 000          | 214 900 000          | 214 900 000          | 214 900 000          | 214 900 000          |
| 2 Inntekts og formueskatt                                  | 146 291 413          | 155 000 000          | 159 900 000          | 159 900 000          | 159 900 000          | 159 900 000          |
| 3 Eiendomsskatt  | 2 967 096            | 3 175 000            | 1 600 000            | 0                    | 0                    | 0                    |
| 4 Andre skatteinntekter                                    | 0                    | 0                    | 0                    | 0                    | 0                    | 0                    |
| 5 Andre overføringer frå og tilskot frå staten             | 31 750 379           | 13 152 000           | 11 600 000           | 11 600 000           | 11 600 000           | 11 600 000           |
| 6 Overføringer og tilskot frå andre                        | 76 871 837           | 65 343 976           | 66 285 948           | 66 285 948           | 66 285 948           | 66 285 948           |
| 7 Brukarbetalingar   | 13 341 254           | 14 678 970           | 15 513 569           | 15 513 569           | 15 513 569           | 15 513 569           |
| 8 Salgs- og leigeinntekter                                 | 33 758 317           | 40 947 744           | 39 533 315           | 39 533 315           | 39 533 315           | 39 533 315           |
| 9 Sum driftsinntekter                                      | 509 066 082          | 494 497 690          | 509 332 832          | 507 732 832          | 507 732 832          | 507 732 832          |
| 10 Lønnsutgifter   | 258 596 263          | 251 790 154          | 260 795 618          | 257 346 488          | 253 827 416          | 254 042 556          |
| 11 Sosiale utgifter  | 69 352 068           | 74 729 086           | 78 624 528           | 77 584 686           | 76 523 758           | 76 588 618           |
| 12 Kjøp av varer og tenester                               | 129 594 301          | 125 752 095          | 116 550 216          | 116 550 216          | 116 550 216          | 116 550 216          |
| 13 Overføringer og tilskot til andre                       | 26 840 719           | 22 776 755           | 29 501 442           | 29 461 442           | 29 421 442           | 31 381 442           |
| 14 Avskrivningar   | 23 760 064           | 21 000 000           | 24 000 000           | 24 000 000           | 24 000 000           | 24 000 000           |
| 15 Sum driftsutgifter                                      | 508 143 415          | 496 048 090          | 509 471 804          | 504 942 832          | 500 322 832          | 502 562 832          |
| 16 Brutto driftsresultat                                   | 922 667              | -1 550 400           | -138 972             | 2 790 000            | 7 410 000            | 5 170 000            |
| 17 Renteinntekter  | 4 023 224            | 2 150 000            | 2 450 000            | 2 250 000            | 2 250 000            | 2 250 000            |
| 18 Utbytter  | 9 539 962            | 9 400 000            | 10 400 000           | 11 000 000           | 13 000 000           | 13 000 000           |
| 19 Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar            | 122 756              | 150 000              | 150 000              | 150 000              | 150 000              | 150 000              |
| 20 Renteutgifter   | 9 289 757            | 8 001 028            | 10 161 028           | 12 100 000           | 13 400 000           | 14 200 000           |
| 21 Avdrag på lån   | 19 316 273           | 20 700 000           | 21 100 000           | 21 600 000           | 23 700 000           | 23 600 000           |
| 22 Netto finansutgifter                                    | -14 920 088          | -17 001 028          | -18 261 028          | -20 300 000          | -21 700 000          | -22 400 000          |
| 23 Motpost avskrivningar                                   | 23 760 064           | 21 000 000           | 24 000 000           | 24 000 000           | 24 000 000           | 24 000 000           |
| 24 Netto driftsresultat                                    | 9 762 643            | 2 448 572            | 5 600 000            | 6 490 000            | 9 710 000            | 6 770 000            |
| 25 Overføring til investering                              | -9 730 000           | -1 100 000           | -18 700 000          | -1 100 000           | -1 100 000           | -1 100 000           |
| 26 Netto avsetningar eller bruk av bundne driftsfond       | -341 979             | 751 574              | 620 000              | 0                    | 0                    | 0                    |
| 27 Netto avsetningar eller bruk av disposisjonsfond        | 309 331              | -2 100 146           | 12 480 000           | -5 390 000           | -8 610 000           | -5 670 000           |
| 28 Dekning av tidlegare års meirforbruk                    | 0                    | 0                    | 0                    | 0                    | 0                    | 0                    |
| 29 Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat | -9 762 648           | -2 448 572           | -5 600 000           | -6 490 000           | -9 710 000           | -6 770 000           |
| 30 Fremført til inndecking i seinare år (meirforbruk)      | -5                   | 0                    | 0                    | 0                    | 0                    | 0                    |

| <b>Bevilingsoversikt - drift</b>   | <b>Regnskap 2020</b> | <b>Budsjett 2021</b> | <b>Budsjett 2022</b> | <b>Budsjett 2023</b> | <b>Budsjett 2024</b> | <b>Budsjett 2025</b> |
|--|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|
| 1 Rammetilskudd  | 204 085 786          | 202 200 000          | 214 900 000          | 214 900 000          | 214 900 000          | 214 900 000          |
| 2 Inntekts og formueskatt  | 146 291 413          | 155 000 000          | 159 900 000          | 159 900 000          | 159 900 000          | 159 900 000          |
| 3 Eiendomsskatt  | 2 967 096            | 3 175 000            | 1 600 000            | 0                    | 0                    | 0                    |
| 4 Andre generelle driftsinntekter  | 27 085 377           | 12 800 000           | 11 600 000           | 11 600 000           | 11 600 000           | 11 600 000           |
| 5 Sum generelle driftsinntekter (Sum L1:L4)                              | 380 429 672          | 373 175 000          | 388 000 000          | 386 400 000          | 386 400 000          | 386 400 000          |
| 6 Sum fordelt rammeområda  | 355 969 629          | 353 726 428          | 364 140 000          | 359 610 000          | 354 990 000          | 357 230 000          |
| 7 Avskrivningar  | 23 760 064           | 21 000 000           | 24 000 000           | 24 000 000           | 24 000 000           | 24 000 000           |
| 8 Sum netto driftsutgifter (Sum L6:L7)                                   | 379 729 693          | 374 726 428          | 388 140 000          | 383 610 000          | 378 990 000          | 381 230 000          |
| 9 Brutto driftsresultat  | 699 979              | -1 551 428           | -140 000             | 2 790 000            | 7 410 000            | 5 170 000            |
| 10 Renteinntekter  | 4 023 224            | 2 150 000            | 2 450 000            | 2 250 000            | 2 250 000            | 2 250 000            |
| 11 Utbytter  | 9 539 962            | 9 400 000            | 10 400 000           | 11 000 000           | 13 000 000           | 13 000 000           |
| 12 Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar                          | 122 756              | 150 000              | 150 000              | 150 000              | 150 000              | 150 000              |
| 13 Renteutgifter   | 9 067 079            | 8 000 000            | 10 160 000           | 12 100 000           | 13 400 000           | 14 200 000           |
| 14 Avdrag på lån   | 19 316 273           | 20 700 000           | 21 100 000           | 21 600 000           | 23 700 000           | 23 600 000           |
| 15 Netto finansutgifter (Sum L10:L14)                                    | -14 697 410          | -17 000 000          | -18 260 000          | -20 300 000          | -21 700 000          | -22 400 000          |
| 16 Motpost avskrivningar   | 23 760 064           | 21 000 000           | 24 000 000           | 24 000 000           | 24 000 000           | 24 000 000           |
| 17 Netto driftsresultat  | 9 762 633            | 2 448 572            | 5 600 000            | 6 490 000            | 9 710 000            | 6 770 000            |
| 18 Overføring til investering  | -9 730 000           | -1 100 000           | -18 700 000          | -1 100 000           | -1 100 000           | -1 100 000           |
| 19 Netto avsetningar (-) til eller bruk (+) av bundne driftsfond         | -341 979             | 751 574              | 620 000              | 0                    | 0                    | 0                    |
| 20 Netto avsetningar (-) til eller bruk (+) av disposisjonsfond          | 309 331              | -2 100 146           | 12 480 000           | -5 390 000           | -8 610 000           | -5 670 000           |
| 21 Dekning av tidlegare års meirforbruk                                  | 0                    | 0                    | 0                    | 0                    | 0                    | 0                    |
| 22 Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat (Sum L18:L21) | -9 762 648           | -2 448 572           | -5 600 000           | -6 490 000           | -9 710 000           | -6 770 000           |
| 23 Fremført til inndecking i seinare år (meirforbruk)                    | -15                  | 0                    | 0                    | 0                    | 0                    | 0                    |

| <b>Fordeling drift</b>   | <b>Regnskap 2020</b> | <b>Budsjett 2021</b> | <b>Budsjett 2022</b> | <b>Budsjett 2023</b> | <b>Budsjett 2024</b> | <b>Budsjett 2025</b> |
|--|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|
| <b>Til fordeling drift</b>                                     |                      |                      |                      |                      |                      |                      |
| 9 Politisk   | 5 001 300            | 5 270 000            | 5 530 000            | 5 740 000            | 5 390 000            | 5 670 000            |
| 10 Sentraladministrasjon                                       | 23 308 695           | 23 570 000           | 24 730 000           | 24 420 000           | 24 110 000           | 24 110 000           |
| 11 Tilleggslovingar  | 0                    | 5 480 000            | 5 630 000            | 5 560 000            | 5 490 000            | 5 490 000            |
| 12 Oppvekst - Skule  | 96 354 871           | 96 540 000           | 98 120 000           | 96 880 000           | 95 640 000           | 95 640 000           |
| 14 Tekniske tjenester  | 18 325 029           | 17 370 000           | 18 540 000           | 18 300 000           | 18 060 000           | 18 060 000           |
| 15 Kultur  | 8 106 512            | 8 285 000            | 8 350 000            | 8 240 000            | 8 130 000            | 10 130 000           |
| 16 Kyrkja  | 4 130 000            | 4 190 000            | 4 250 000            | 4 200 000            | 4 150 000            | 4 150 000            |
| 17 Oppvekst - Barnehage  | 24 422 078           | 24 720 000           | 24 870 000           | 24 550 000           | 24 230 000           | 24 230 000           |
| 18 VAR - vann, avløp og renovasjon                             | -5 874 063           | -6 400 000           | -5 740 000           | -5 740 000           | -5 740 000           | -5 740 000           |
| 19 Finans  | 28 939 047           | 33 772 798           | 30 950 000           | 30 950 000           | 30 950 000           | 30 950 000           |
| 22 Ryarden Kulturfyfyr KF                                      | 573 757              | 560 000              | 520 000              | 470 000              | 420 000              | 380 000              |
| 30 Helseavdeling med fellestenester                            | 28 038 908           | 27 080 000           | 28 330 000           | 27 970 000           | 27 610 000           | 27 610 000           |
| 31 Pleie og omsorg   | 60 923 101           | 54 730 000           | 57 600 000           | 56 870 000           | 56 140 000           | 56 140 000           |
| 32 NAV med flyktningararbeid                                   | 13 402 732           | 11 480 000           | 9 590 000            | 9 470 000            | 9 350 000            | 9 350 000            |
| 33 Barnevern   | 14 021 245           | 13 480 000           | 14 690 000           | 14 500 000           | 14 310 000           | 14 310 000           |
| 34 Habilitering  | 35 659 123           | 32 050 000           | 37 710 000           | 37 230 000           | 36 750 000           | 36 750 000           |
| <b>Fordelt drift</b>   | <b>355 332 335</b>   | <b>352 177 798</b>   | <b>363 670 000</b>   | <b>359 610 000</b>   | <b>354 990 000</b>   | <b>357 230 000</b>   |
| <b>Korreksjon netto avsetningar eller bruk av fond i drift</b> | <b>637 294</b>       | <b>1 548 630</b>     | <b>470 000</b>       | <b>0</b>             | <b>0</b>             | <b>0</b>             |
| <b>Korrigert til fordeling</b>                                 | <b>355 969 629</b>   | <b>353 726 428</b>   | <b>364 140 000</b>   | <b>359 610 000</b>   | <b>354 990 000</b>   | <b>357 230 000</b>   |

Tabellen bevilingsoversikt – drift viser kor mykje ein kan fordela til den kommunale drifta. Tabellen fordeling – drift visar fordeling av dei tilgjengelege midlane til dei ulike rammeområda i kommunen.

## Inntekter

Sveio kommune er ein låginntektskommune. I 2020 hadde Sveio kommune ein skatteinngang på 80,6 % av landsgjennomsnittet. Kommunar med lågare skatteinngang enn landet blir gitt ein kompensasjon (inntektsutjamning) for dette. Etter kompensasjon for låg skatteinngang enda Sveio kommune opp med ein samla skatteinngang og inntektskompensasjon på 94,4 % av landsgjennomsnittet i 2020. For 2022 er det lagt til grunn at Sveio kommune vil ha ein skatteinngang på 79,4 % av landet. Dette er gjennomsnittleg skatteinngang siste tre år. Ved vurdering av inntektene for 2022 tek ein utgangspunkt i KS sin modell for inntektssystemet. Gjennomsnittet av folketal per 1.1.2021 og SSB si framskriving er grunnlaget for berekning av skatteinntekter og inntektsutjamning.

Dei frie inntektene frå staten og skatteinngangen finansierar for ein stor del drifta av Sveio kommune. Dei frie inntektene frå staten består i hovudsak av innbyggjartilskot m/ utgiftsutjamning, veksttilskot, og skjønsmidlar. For Sveio sin del er det venta ei auke i dei frie inntektene inkludert skatteinngangen m/ inntektsutjamning i følgje regjeringa på 1,9 % frå budsjett 2021 til budsjett 2022. Skjønstilskotet frå Fylkesmannen blir på kr 2 800 000,- i 2022, det same som i 2021.

I statsbudsjettet er det lagt opp til endringar i oppgåvefordelina mellom kommunane og staten. Frå og med 1.1.2022 overtar kommunane meir av finansieringa innafor barnevern. KS har berekna eit tap for Sveio kommune for denne overgangen på kr 100 000,- i 2022. Dette tapet vil bli større etter kvart som deler av staten si finansiering går over frå merke midlar til ein del av det generelle rammetilskotet.

Det er lagt til grunn bortfall av inntekter frå eigedomsskatt i 2022, i tråd med kommunestyrets vedtak i desember 2020. Med inntekter frå eigedomsskatt på linje med landet utanom Oslo ville Sveio kommune i 2020 hatt 13,1 millionar kroner høgare inntekter, med inntekter på nivå med kommunegruppa ville inntektene i Sveio vore 12,0 millionar høgare.

Det er lagt til grunn eit utbytte Haugaland Kraft AS på 10,4 millionar kroner i 2022, opp frå 9,4 millionar kroner i 2021. Auken er basert på eit overskot i 2021 på omlag 800 millionar kroner, og same utbyttepolitikk som dei seinaste åra.

Det er lagt til grunn flykntingtilskot på kr 4,4 millionar i 2022, mot kr 7,5 millionar i budsjett 2021. Det er knytt stor usikkerheit rundt talet på flykntingar kommunen kan rekna med å ta i mot dei komande åra, og dermed også rundt kor stort tilskot kommunen vil få. I 2018 fekk kommunen utbetalt om lag 13,5 millionar kroner frå Havbruksfondet, i 2019 fekk kommunen om lag 1,1 millionar kroner, i 2020 fekk kommunen om lag 12,6 millionar kroner, i 2021 fekk kommunen om lag 3,4 millionar kroner, og i 2022 er det lagt til grunn 6,0 millionar kroner i inntekter frå fondet, det same er lagt til grunn dei tre siste åra i økonomiplanperioden.

## Utgifter

Utgiftsbehovet til Sveio kommune er berekna til å vera på 108,1 % i forhold til landsgjennomsnittet i 2022. Utgifter som grunnar i forskjellen i utgiftsbehov i forhold til resten av landet blir det gitt kompensasjon for gjennom utgiftsutjamning.

Det er lagt til grunn ei lånerente på 1,85 % i 2022 og ei innskotsrente på 0,9 %. Dette er etter rådmannen sitt syn ei realistisk forventning som det knyt seg til dels stor risiko til. Det er avgjerande for Sveio kommune å budsjettera med tilstrekkeleg høgt driftsresultat for å kunne handtera denne usikkerheita. Det er planlagt ein del store investeringar dei næraste åra. Det er viktig at driftskostnadane med investeringane leggst inn i økonomiplanen så snart dei er endeleg vedteke realisert. Det er også viktig at finanskostnadane (renter og avdrag) til investeringar som ikkje er heilt eller delvis finansiert blir lagt inn i økonomiplanen.

## Vurdering

Det er rådd til at kommunane har eit netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene på 1,75 %. Forutan 2019 har Sveio kommune dei siste 4 åra oppnådd eit netto driftsresultat godt i overkant av anbefalinga. For 2022 er det budsjettert med eit netto driftsresultat på 1,1 %. Dei tre siste åra i planperioden er det budsjettert med høgare resultat enn 1,25 % av driftsinntektene. Dei planlagde resultatane er avhengig av at kommunen greier å redusere driftsutgiftene med 4,3 millionar kroner per år i 2023 og 2024, som lagt til grunn i økonomiplanen. Om ein korrigerer for inntekter frå Havbruksfondet, som er vedteke reservert til idrettshall, vil kommunen i 2022 gå med ein korrigert underskot. Rådmannen arbeida hardt for å betre resultatet dei komande åra, mellom anna gjennom ein plan for auka økonomisk handlingsrom.

## Økonomiplan 2022-2025 – investering

### Budsjettskjema investering

| Bevillingsoversyn investering   | Regnskap 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 |
|---|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| 1 Investeringar i varige driftsmidler                                   | 63 580 036    | 26 650 000    | 61 150 000    | 116 920 000   | 24 100 000    | 11 100 000    |
| 2 Tilskot til andres investeringar                                      | 3 440 332     | 0             | 0             | 0             | 0             | 0             |
| 3 Investeringar i aksjer o.l  | 959 055       | 1 100 000     | 1 100 000     | 1 100 000     | 1 100 000     | 1 100 000     |
| 4 Utlån av egne midlar  | 8 100 000     | 0             | 0             | 0             | 0             | 0             |
| 5 Avdrag på lån   | 0             | 0             | 0             | 0             | 0             | 0             |
| 6 Sum investeringsutgifter  | 76 079 423    | 27 750 000    | 62 250 000    | 118 020 000   | 25 200 000    | 12 200 000    |
| 7 Kompensasjon for meirverdiavgift                                      | -8 907 494    | -3 990 000    | -10 130 000   | -21 084 000   | -3 840 000    | -1 720 000    |
| 8 Tilskot frå andre   | -827 593      | 0             | 0             | -22 000 000   | 0             | 0             |
| 9 Sal av varige driftsmidler  | 0             | -500 000      | -6 500 000    | -6 500 000    | -6 500 000    | -6 500 000    |
| 10 Sal av finansielle anleggsmidler                                     | 0             | 0             | 0             | 0             | 0             | 0             |
| 11 Utdeling frå selskaper   | 0             | 0             | 0             | 0             | 0             | 0             |
| 12 Møttekne avdrag på utlån av egne midlar                              | 0             | 0             | 0             | 0             | 0             | 0             |
| 13 Bruk av lån  | -56 326 268   | -22 160 000   | -32 920 000   | -73 336 000   | -19 760 000   | -8 880 000    |
| 14 Sum investeringsinntekter  | -66 061 355   | -26 650 000   | -49 550 000   | -122 920 000  | -30 100 000   | -17 100 000   |
| 15 Vidareutlån  | 367 218       | 0             | 0             | 0             | 0             | 0             |
| 16 Bruk av lån til vidareutlån  | -367 218      | 0             | 0             | 0             | 0             | 0             |
| 17 Avdrag på lån til vidareutlån  | 1 100 160     | 0             | 0             | 0             | 0             | 0             |
| 18 Møttekne avdrag på vidareutlån                                       | -1 299 608    | 0             | 0             | 0             | 0             | 0             |
| 19 Netto utgifter vidareutlån   | -199 448      | 0             | 0             | 0             | 0             | 0             |
| 20 Overføring frå drift   | -9 730 000    | -1 100 000    | -18 700 000   | -1 100 000    | -1 100 000    | -1 100 000    |
| 21 Netto avsetningar (+) til eller bruk (-) av bundne investeringsfond  | 319 482       | 0             | 0             | 0             | 0             | 0             |
| 22 Netto avsetningar (+) til eller bruk (-) av ubundne investeringsfond | -408 100      | 0             | 6 000 000     | 6 000 000     | 6 000 000     | 6 000 000     |
| 23 Dekning av tidlegare års udekkede beløp                              | 0             | 0             | 0             | 0             | 0             | 0             |
| 24 Sum overføring frå drift og netto avsetningar                        | -9 818 618    | -1 100 000    | -12 700 000   | 4 900 000     | 4 900 000     | 4 900 000     |
| 25 Framført til inndecking i seinare år (udekkede beløp)                | 2             | 0             | 0             | 0             | 0             | 0             |

**Vidareutlån:** Det er lagt opp til årleg vidareutlån av kr 4 000 000,- til startlån i perioden, det same som i 2021. Restmidlar frå 2021 og tidlegare år gjer at det truleg ikkje er naudsynt med låneoptak til startlån for kommunen i 2022. Sveio kommunes praksis/retningslinjer for startlån tilseier at ein ikkje fullfinansierer bustadkjøp men bidrar med tilleggfinansiering. Etter statens nye forskrift om bustadlån kan ikkje startlån reknast som eigenkapital når bankane vurderer lånekundane. Det er difor for tida relativt få som blir hjulpet inn på bustadmarknaden med startlån frå Sveio kommune. Rådmannen legg opp til revidering av kommunens retningslinjer for startlån i 2022.



**Investeringar i aksjer o.l. /overføring frå drift:** Som ein del av avtalen med KLP som pensjonsleverandør til kommunen, må Sveio årleg gå inn med eigenkapital. Storleiken på det årlege innskottet avheng av storleiken på kommunens pensjonsforpliktingar.

**Avsetningar/inntekter frå sal av anleggsmidlar:** Det er lagt til grunn sal av tomter i Sveioåsen 3 for 6,0 millionar kroner kvart år i økonomiplanperioden. I tillegg er det er lagt opp til sal av andre tomter for 0,5 millionar kroner i 2021. Det er også lagt opp til kjøp (tilbakekjøp) av tomter for kr 0,5 millionar kroner per år.

Bevillingsoversyn investering visar summen alle planlagde investeringar, avsetningar og finansieringa av desse. Investeringsoversynet spesifiserer alle investeringane i anleggsmiddel. Sjå rådmannens kommentarar for detaljar om enkelte investeringsprosjekt.

| Investeringsoversyn   | 2022              | 2023              | 2024              | 2025             | Kommentar  |
|---|-------------------|-------------------|-------------------|------------------|--|
| <b>30100 LEIAR IKT</b>                                      |                   |                   |                   |                  |  |
| 31110 IKT   | 2 000 000         | 1 300 000         | 1 600 000         | 1 500 000        |  |
| <b>30100 LEIAR IKT Totalt</b>                               | <b>2 000 000</b>  | <b>1 300 000</b>  | <b>1 600 000</b>  | <b>1 500 000</b> |  |
| <b>30200 LEIAR DRIFT OG ANLEGG</b>                          |                   |                   |                   |                  |  |
| 34238 DIV.<br>GRUNNLAGSINVESTERINGAR                        | 600 000           | 600 000           | 600 000           | 600 000          | Ulike tiltak på kommunale eigedommar             |
| 34264 ASFALTERING   | 2 500 000         | 2 500 000         | 2 500 000         | 1 500 000        |  |
| 32220 FLISEKUTTER PÅ TILHENDER<br>(2022)                    | 300 000           | 0                 | 0                 | 0                |  |
| 32221 TRAKTOR (2025)  | 0                 | 0                 | 0                 | 1 000 000        | Bytte av traktor                                 |
| 32222 PICKUPBIL TIL BRØYTING (2022)                         | 600 000           | 0                 | 0                 | 0                | Inbytte Vw transporter. Brøyteskjær og tilbehør  |
| 32223 ENERGI - OG KLIMATILTAK<br>KOMMUNEHUSET (2022)        | 600 000           | 0                 | 0                 | 0                | Luft til veske varmepumpe                        |
| 32224 ENERGI - OG KLIMATILTAK<br>VIGDARTUN (2022)           | 800 000           | 0                 | 0                 | 0                | Varmepumper                                      |
| 32225 ENERGI - OG KLIMATILTAK LID<br>(2023)                 | 0                 | 500 000           | 0                 | 0                |  |
| 32226 REHABILITERING AV AVLØYP OG<br>BYGG BUA (2023)        | 0                 | 700 000           | 0                 | 0                |  |
| 32227 LÅSSYSTEM SVEIO SKULE (2022)                          | 200 000           | 0                 | 0                 | 0                |  |
| 32228 LÅSSYSTEM KOMMUNEHUSET<br>(2022)                      | 150 000           | 0                 | 0                 | 0                |  |
| <b>30200 LEIAR DRIFT OG ANLEGG Totalt</b>                   | <b>5 750 000</b>  | <b>4 300 000</b>  | <b>3 100 000</b>  | <b>3 100 000</b> |  |
| <b>30300 KOMMUNALSJEF TEKNISK</b>                           |                   |                   |                   |                  |  |
| 33999 SALG/KJØP TOMTER                                      | 500 000           | 500 000           | 500 000           | 500 000          |  |
| <b>30300 KOMMUNALSJEF TEKNISK Totalt</b>                    | <b>500 000</b>    | <b>500 000</b>    | <b>500 000</b>    | <b>500 000</b>   |  |
| <b>30400 RÅDMANNEN</b>                                      |                   |                   |                   |                  |  |
| 30001 DIGITALISERING  | 800 000           | 500 000           | 500 000           | 500 000          |  |
| 32240 STI LEIRVÅG (FRILUFTSRÅDET)<br>(2023)                 | 300 000           | 0                 | 0                 | 0                | Bidrag frå Sveio kommune                         |
| 32241 TOALETT HOLVIKJO<br>(FRILUFTSRÅDET (2023)             | 200 000           | 0                 | 0                 | 0                | Bidrag frå Sveio kommune                         |
| <b>30400 RÅDMANNEN Totalt</b>                               | <b>1 300 000</b>  | <b>500 000</b>    | <b>500 000</b>    | <b>500 000</b>   |  |
| <b>30600 PROSJEKTLEIAR 1</b>                                |                   |                   |                   |                  |  |
| 30002 KOMMUNEHUSET,<br>REHABILITERING GAMLE DEL             | 1 500 000         | 0                 | 10 000 000        | 0                | Eiga sak fremjast. Beløp tatt vidare frå øk-plan |
| 30502 Sveio Barnehage, 6 avdelingar                         | 5 000 000         | 43 500 000        | 0                 | 0                |  |
| 32205 FØRDE SKULE OPPGRADERING<br>(2020)33350               | 0                 | 1 500 000         | 0                 | 0                |  |
| 34228 VALESTRAND OPPVEKSTSENTER<br>(2023)                   | 0                 | 0                 | 1 000 000         | 0                | Innspill samla                                   |
| 35231 BUSTADFELT HÅVÅSEN 3                                  | 0                 | 700 000           | 0                 | 0                |  |
| 32218 REHABILITERING VIKSE SKULE<br>(2024)                  | 0                 | 0                 | 1 000 000         | 0                |  |
| 32219 FØRDE BARNEHAGE,<br>FORPROSJEKT REHABILITERING (2022) | 200 000           | 0                 | 0                 | 0                |  |
| 32230 BADEANLEGG (2023)                                     | 0                 | 52 320 000        | 0                 | 0                | Spelemidlar 22 000 000                           |
| 32231 GRUNNARBEID IDRETTSHALL<br>(2022)                     | 22 000 000        | 0                 | 0                 | 0                |  |
| 32232 TRAFIKKSIKRING SVEIO SKULE<br>(2022)                  | 4 650 000         | 0                 | 0                 | 0                |  |
| <b>30600 PROSJEKTLEIAR 1 Totalt</b>                         | <b>33 350 000</b> | <b>98 020 000</b> | <b>12 000 000</b> | <b>0</b>         |  |

| Investeringsoversyn                                 | 2022              | 2023               | 2024              | 2025              | Kommentar  |
|---|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|--|
| <b>30700 PROSJEKLEIAR 2</b>                         |                   |                    |                   |                   |  |
| 30003 REHABILITERING KYRKJEBYGG                     | 600 000           | 0                  | 300 000           | 300 000           | Varmepumper Sveio og Valestrand i 2022   |
| 30009 EIKELAND KYRKJEGARD (2020)                    | 3 700 000         | 0                  | 0                 | 0                 | Auka kapasitet   |
| 30013 REHAB. 3 LEILIGHETER                          | 800 000           | 400 000            | 300 000           | 300 000           | Planlagt Løkjervegen 43d og 37 B i 2022  |
| 32015 Ventilasjonsanlegg Vikse skule (2021)         | 500 000           | 0                  | 0                 | 0                 | Er løyva midlar i 2021. Er naudsynt med meir midlar og at tak utførast samtidig. |
| 33314 Heimetenesta - ombygging arbeidsplass (2021)  | 100 000           | 0                  | 0                 | 0                 | Planlegging, avsett 100 000 tidligare  |
| 34275 TRAFIKKSIKRING                                | 750 000           | 750 000            | 750 000           | 750 000           | Mindre TS tiltak   |
| 32217 UTBETRING/ISOLERING AV TAK VIKSE SKULE (2022) | 700 000           | 0                  | 0                 | 0                 |  |
| 32233 REHABILITERING AV KJØKKEN SOLBAKKEN (2022)    | 150 000           | 0                  | 0                 | 0                 | Ekstra løyving   |
| 32234 UTEOMRÅDET SKULE (2022)                       | 150 000           | 150 000            | 150 000           | 150 000           |  |
| 32235 KLEDNING SOLBAKKEN (2024)                     | 0                 | 0                  | 500 000           | 0                 |  |
| 32236 BRANNSIKRE SØPPELSKUR SOS (2022)              | 300 000           | 0                  | 0                 | 0                 |  |
| 32237 VINDUER/KLEDNING VESTSIDA RYVARDEN (2022)     | 350 000           | 0                  | 0                 | 0                 |  |
| 32238 FETTUTSKILLER KJØKKEN RYVARDEN (2022)         | 150 000           | 0                  | 0                 | 0                 |  |
| 32239 NYTT DEKKE KUNSTGRESSBANA (2025)              | 0                 | 0                  | 0                 | 2 000 000         | Nytt dekke   |
| <b>30700 PROSJEKLEIAR 2 Totalt</b>                  | <b>8 250 000</b>  | <b>1 300 000</b>   | <b>2 000 000</b>  | <b>3 500 000</b>  |  |
| <b>30210 VAR - LEIAR DRIFT OG ANLEGG</b>            |                   |                    |                   |                   |  |
| 30021 FUREVATN VANNB ANLEGG, FORPROSJEKT            | 7 000 000         | 9 000 000          | 0                 | 0                 | Kostnad blir klårare når planlegging har komme lengre                            |
| 30025 REHAB. PA3 STEINARSTJØNN                      | 0                 | 0                  | 2 000 000         | 0                 | Eksisterende pumpestasjon fra 1976   |
| 34025 SLAMTANK TITTELSNES (2023)                    | 1 000 000         | 0                  | 0                 | 0                 |  |
| 35010 OPPGRADERING RØRNETT FRÅ 2018                 | 2 000 000         | 2 000 000          | 2 000 000         | 2 000 000         |  |
| 32229 RYVARDEN; STØRRE SEPTIKTANK (2024)            | 0                 | 0                  | 400 000           | 0                 |  |
| <b>30210 VAR - LEIAR DRIFT OG ANLEGG Totalt</b>     | <b>10 000 000</b> | <b>11 000 000</b>  | <b>4 400 000</b>  | <b>2 000 000</b>  |  |
| <b>Totalsum</b>                                     | <b>61 150 000</b> | <b>116 920 000</b> | <b>24 100 000</b> | <b>11 100 000</b> |  |

## Vedlegg